



## Suldal kommune

### Kommuneplan 2022 – 2034

# Konsekvensutgreiingar av innkomne arealinnspele

*KU er lik som ved 1. gongs handsaming med unntak av beskriving av mineralførekomst s. 28 og s. 60.*

*Utfyllande utgreiingar til KU ligg ved som eigne vedlegg*

- Utdjupande ROS analysar av tre innspel som svar på motsegn frå Statsforvaltaren i Rogaland*
- Konsekvensutgreiing av eksisterande bustader og fritidsbustader i ordinært LNF-område (inkludert vurdering av auke i maksimal storleik på fritidsbustader)*
- Utfyllande utgreiingar og merknader sendt Statsforvaltar før meklingsmøte*
- Utfyllande KU akvakultur Hylsfjorden*



## Innhald

1. Metode .....	5
2. Oversikt over innkomne innspel.....	7
3. Konsekvensutgreiing av dei ulike innspela.....	9
2. Jelsafjorden – akvakultur i sjø .....	9
3 Hålandsosen LNF spreidd og båthamn.....	11
4 Ytre Bjerga – fritidsbustader-nausthytter-småbåthamn.....	13
5 Indre Sandvika - hytter .....	16
6 Fisketjønn – Suldalsosen - bustad .....	18
7 Fjetland – råstoffutvinning – utleigehytter .....	21
8 Berakvam – Sandsfjorden- Industriområde – hamneområde-tunnelinnslag.....	24
9 Jårvik – Sandsfjorden – hytter- båthamn .....	36
10 Sand - båthamn .....	38
11 Vatlandsvåg – Skotavika hytter/nausthytter/kai og brygger .....	40
12 Vanvik småbåthamn .....	42
13 Falkås Erfjord – hytter/utleigehytter.....	44
14 Helland – Bubiloppstilling.....	46
16 Jelsa – Kordalsnuten- Grønneviksåsen - Råstoffutvinning .....	48
16 Berakvam-Jelsa - kaiområde.....	59
20 Indre Åsarøy – Sauaskolten – Råstoffutvinning- næring.....	67
20 Indre Åsarøy – fritidsbustader – naust - kaiområde.....	73
21 Helland – næringsområde Sterling White Halibut .....	75
22 Vindafjorden – akvakultur i sjø Alsaker Fjordbruk .....	77
22 Vindafjorden – akvakultur i sjø.....	79
22 Vatlandsvåg akvakultur i Sjø.....	81
22 Ytra Finnvik – næring-småbåtanlegg og hamneområde .....	83
23 Vatlandsvåg - hytter .....	85
24 Jelsavågen – fortetting hytter .....	87
25 Vatlandsvåg Sørheim – hytter og bustad .....	89
27 Vassbotn Ropeidhalvøya – Næring .....	92
28 Fjetland – område for spreidd hyttebygging.....	94
29 Slåtto Grytevatnet - hytter .....	96
30 Hedlebrekk fritidsbustader.....	98
30 Hedlebrekk -område 2 fritidsbustader.....	100

33 Nedre Markateigen Ropeid - utleiehytter .....	102
34 Tveita – fritid og turistformål - iglotelt.....	104
35 Erøy – Erfjord-Tretopphytter.....	107
36 Ytre Bjerga – utleiehytter- muresteinsbrot .....	110
37 Ullestad- Landsnes - fritidsbustader.....	112
39. Innspel kveiteoppdrettlokalitetar i Sandsfjorden/Hylsfjorden .....	114
41. Innspel Høyviktræ – endring av arealformål frå LNF til LNF-spreidd .....	115

## 1. Metode

I konsekvensutgreiinga er kvart innspel vist med kart og nøkkelinformasjon og vurdert i høve til konsekvensar for miljø og samfunn. Verknadane av dei enkelte arealinnspel er stilt opp i tabell med fargeinndeling som illustrere konfliktgraden. Vurderingane er gjort på eit oversiktsnivå og bygger i hovudsak på eksisterande kunnskap, noko som er i samsvar overordna mynde si anbefaling på kommuneplannivå.

Bruken av farger er som følgjer:

	<u>Ingen konflikt</u>
	<u>Middels konflikt</u> : Bør tas omsyn til eller greiast ut nærare på reguleringsplannivå.
	<u>Sterk konflikt</u> : Konflikt med statlege og regionale føringar, fareområde, sårbarheit, og risiko (ROS) som må løysast ivaretakast på reguleringsplannivå eller krev større investeringar.
	<u>Ikkje relevant</u>

Nr	KU-kategori	Konfliktgrad med aktuell fargekode	Kommentar
1	Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Viktige område for biologisk mangfald. Henta frå Naturbasen ( naturtype, artar (i hovudsak raudlisteartar og hjortevilt/småvilt), inngrepsfri natur, vilt og KU frå forslagsstillar.
2	Vatn og vassdrag.		Vurdere konsekvensar ift miljømål fastsett Regionalplan for vannforvaltning.
3	100 metersbeltet		Avstand til sjø og vassdrag. Kystsoneanalyse Suldal
4	Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap		Registrerte Kulturminne og SEFRAK bygg, Riksantikvaren sin database Askeladden. Kulturminneplan Suldal. Utvalde kulturlandskap i Suldal (UKL). KULA. KU frå forslagsstillar.
5	Landskap		Landskapsvurdering- Lokal kunnskap, registreringar i rapport «Vakre landskap i Rogaland» 1995. «Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning» 2017. KU frå forslagsstillar.
6	Mineralressursar		Regionalplan for byggeråstoff i Ryfylke 2013. NGU kartbasar.
7	Barn og unge		Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (1995). Lokal kunnskap.
8	Landbruk		Lokal kunnskap, Digitalt markslagskart, ortofoto.
9	Friluftsliv og folkehelse		Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017, Sti og løype plan for Suldal
10	Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Positive synergier som følgjer med etablering av næringsverksemd i form av arbeidsplassar, busetnad, aktivitet og økonomi i kommunen.
11	Infrastruktur og trafikktryggleik		Planfaglege vurderingar

12	ROS		Aktsemdkart NVE, kartdatabasar, lokal kunnskap og ROS analyse frå forslagsstillar
13	Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Føremålet med innspelet i forhold til plassering/nærmiljø. Innsendt KU.

Naturmangfald i dei ulike utgreiingane er vurdert etter naturmangfaldlova. Det er vurdert om kunnskapsgrunnlaget er godt nok for å ta ei avgjerd om arealbruk på kommuneplannivå. Dersom kunnskapsgrunnlaget ikkje er godt nok er forslaget anten avvist eller det er tatt med i føresegnene for området at det vil bli kravd fleire utgreiingar i reguleringsplanprosessen. At eit område vert sett av i kommuneplanen gjer ingen rett til å bygge ut området, dersom reguleringsplanprosessen avdekkar forhold som tilsei noko anna. Alle krav om ekstra utgreiingar og tilpassingar skal kostast av tiltakshavar og reguleringsplanprosessen skal greie ut korleis tiltaket kan gjennomførast med best mogleg miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

## 2. Oversikt over innkomne innspel

Under er ei oversikt over dei arealinnspelela som er komen inn til kommuneplanen og ei oversikt over kva innspel som er konsekvensutgreidd (KU). Dei innspelela som ikkje er konsekvensutgreidd i dette dokumentet er omtalt på generelt grunnlag i planomtalen.


NR	Spelt inn av:	Område:	Nytt arealformål:	Ikkje KU	KU
1	Øvre Suldal Grendeutval	Alle grender	Næring	X	
2	Eidesvik Laks	Jelsafjorden	Akvakultur		X
3	Kolbjørn Haaland	Hålandsosen, Erfjord	LNF spreidd/båthamn		X
4	Geir Ove Løland	Ytre Bjerga, Vanvik	Fritidsbustad/ utleige		X
5	Johannes Fattnes og Stein Olav Fattnes	Indre Sandvik, Vanvik	Fritidsbustad		X
6	Inge Hjorteland og Jakob Roaldkvam	Fisketjønn, Suldalsosen	Bustad		X
7	Lars Fjetland og Elisabeth Bjørkhaug	Fjetland, Ropeidhalvøya	Muresteinsbrot/ camping/utleigehytter		X
8	Windworks Jelsa	Sandsfjorden	Hamneområde/næring		X
9	Konrad Helge Jårvik	Jårvik, Sandsfjorden	Fritidsbustad/båthamn		X
10	Sand Grendeutval	Sand sentrum	Småbåthamn		X
11	Holmen Eigedom	Vatlandsvåg, Ropeidhalvøya	Hytter/naust/kai/brygger		X
12	Amund Fattnes	Vanvik	Småbåthamn		X
13	Odd Jostein Aas og Tone Berge	Ås, Erfjord	Hytter/utleigehytter		X
14	Sigve Helland	Helland, Ropeidhalvøya	Camping/bubiloppstilling		X
16	Norsk Stein	Berakvam/Kordalsnuten	Kai/råstoffutvinning		X
17	Øvre Suldal Grendeutval	Nesflaten	Næring/bustad	X	
18	<b>Trekt</b>			X	
19	Statkraft	Alle energianlegg	Vise reell bruk	X	
20	Svein Helge Einarsen	Indre Åsarøy	Råstoffutvinning/hytter/industri		X

21	Sterling White Halibut	Helland	Næring/akvakultur i sjø		X
22	Alsaker Fjordbruk	Ytra Finnvik, Vindafjord	Næring/akvakultur/hamn/småbåt		X
23	Sigve Johannesen	Vatlandsvågen	Hytter		X
24	Thore Torsen	Jelsavågen	Hytter		X
25	Lars Harald Sildelid	Vatlandsvåg	Hytter/bustad		X
26	Jelsa Grendeutval	Jelsa	Bubil/parkering kai	X	
27	Holmen Maskin	Vassbotn, Ropeidhalvøya	Næring		X
28	Inger Torflåt Østbø	Fjetland, Ropeidhalvøya	LNf-spreidd hytte		X
29	Gunn Bjørg Slåtto	Slåtto, Ropeidhalvøya	Hytter		X
30	Kjartan Hjorteland	Hjorteland/Gullingen	Hytter		X
31	<b>Trekt</b>			X	
32	Norconsult	Økstrafjorden	Behalde regulering hytter?	X	
33	Lars Ropeid	Sørvika, Ropeid	Utleiehytter		X
34	Gunvor Tveita	Tveita, Ropeidhalvøya	Camping/iglotelt		X
35	Ingvild Erøy Prestårhus	Erøy, Erfjord	Tretopphytter		X
36	Steinar Kenneth Løland	Ytre Bjerga	Murestein/hytter		X
37	Lars Landsnes	Ullestad, Økstrafjorden	Hytter		X
38	Vinjar Grendautval	Hylen	Næring	X	
39	Sterling White Halibut	Sandsfjorden	Kveiteoppdrett	X	
40	Hylsfjorden Grendeutval	Vanvik	Småbåthamn	X	
41	Gunn Kristin B. Voll	Høyviktræ	LNf- spreidd	X	



### 3. Konsekvensutgreiing av dei ulike innspela

#### 2. Jelsafjorden – akvakultur i sjø

Sørvest om Brennevinsneset (Sørvest for Tandraneset) Jelsa	
<b>Forslagsstillar</b>	Eidesvik laks AS
<b>Gnr/Bnr</b>	Sjøareal
<b>Dagens arealbruk</b>	Ny lokalitet
<b>Gjeldande planar</b>	Akvakultur/Fleirbruksområde (FFFNA) i gjeldande kommuneplan.
<b>Innspel, framlegg til føremål:</b> Frå Fleirbruksområde (FFFNA) til Akvakultur	
 <p>2 - Ny lokalitet for Eidesvik laks</p>	
<b>Konsekvensvurdering</b>	
Landbruk	
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	Konflikt med større tareskogførekost mot Tandraneset i aust.
Vatn og vassdrag	
100-meters beltet	Konflikt i høve til badestrand Giljestranda.
Kulturminne/kulturlandskap	
Landskap	Verkar negativt inn på fjordlandskapet.


Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		Konflikt med planlagt kyststi frå Jelsavågen og ut mot Giljestranda i kommuneplan. Lokalteten ligg i nærleiken av hytteområde Tandraneset og vil kunne ha ei negativ verknad.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Vil kunne gi arbeidsplassar.
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Utslepp av organisk stoff m.m. Totalbelastning på fjordsystemet.
Samla vurdering		Kommunen meiner det totale konfliktpotensialet ved å plassere eit oppdrettsanlegg her, er større enn fordelane ved anlegget.
Tilråding		Innspelet vert ikkje teke inn i kommuneplanen.

### 3 Hålandsosen LNF spreidd og båthamn

Hålandsosen	
<b>Forslagsstillar</b>	Kolbjørn Haaland
<b>Gnr/Bnr</b>	167/12
<b>Dagens arealbruk</b>	Utmark, skog, dyrka mark og sjø
<b>Gjeldande planar</b>	LNFR-føremål i gjeldande kommuneplan med omsynssone verna vassdrag.

**Innspel, framlegg til føremål:** Vil endre byggjegrænse langs Hålandselva og framlegg av areal til LNFR areal for spreidd bustad- fritids eller næringsutbygging. Legge inn eit areal i sjø som småbåthamn.

Når det gjelder småbåthamn i sjø, så er det innanfor området for eksisterande reguleringsplan for Hålandsosen og må vurderast der.



Konsekvensvurdering		
Landbruk		Deler av området vil ligge på dyrka mark
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		
Vatn og vassdrag		I strid med omsynssone verna vassdrag
100-meters beltet		
Kulturminne/kulturlandskap		
Landskap		Regionalt viktig landskap
Mineralressursar		
Barn og unge		

Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		Innanfor marin grense
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		
Samla vurdering		Kommunen viser til at det i umiddelbar nærleik er eit område som er sett av til LNFR område i gjeldande kommuneplan med høve til spreidd utbygging av bustader. Dette vil bli vidareført i ny plan. I tillegg er Hålandselva eit verna vassdrag som bli forvalta etter rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag. Ein ser ingen grunn til å opne opp for utbygging innanfor omsynssonen for verna vassdrag.
Tilråding		Planinnspelet vert ikkje teke inn i kommuneplanen.

#### 4 Ytre Bjerga – fritidsbustader-nausthytter-småbåthamn

Ytre Bjerga, Hylsfjorden		
<b>Forslagsstillar</b>	Geir Ove Løland	
<b>Gnr/Bnr</b>	88/1	
<b>Dagens arealbruk</b>	Området 4-3 og 4-4 ligg i bratt berg/ur nede ved sjøkanten, område 4-1 ligg ovanfor fylkesvegen med noko skog og 4-2 er i hovudsak dyrka mark.	
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-føremål i gjeldande kommuneplan	
<b>Innspel, framlegg til føremål:</b>		
Ønskjer å sette av område 4-1 og 4-2 til hytter og hytteutleige. Området 4-3 til naust/nausthytter og område 4-4 til småbåthamn.		
<b>Konsekvensvurdering</b>		
Landbruk		Området 4.2 er dyrka mark (innmarksbeite)
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Ein liten del i nedre kant av område 4.1 er vist som edellauskogsområde knyta til Bjergaelva. Austre deler av område 4.2 er ein del av Bjerganeset der det er registrert edellauskog med styvingstre som er ein viktig naturtype.
Vatn og vassdrag		Området 4-1 har grense ca. 50 meter frå Bjergaelva.
100-meters beltet		Området 4-2, 4-4 og 4-3 i konflikt med strandsonevernet. I mindre grad område 4-1.
Kulturminne/kulturlandskap		KULA-område.
Landskap		I det bratte terrenget vil det krevjast arrondering og tiltaka vil bli visuelt eksponerte frå sjøsida.
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Viktig som tilleggsnæring på mindre landbrukseigedomar.

Infrastruktur og trafikktryggleik		Ligg vegar til alle områda frå fylkesvegen.
ROS		Marin grense, aktsemdområde snøskred, steinsprang og flaum
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		
Samla vurdering		<p>Innspelet må vurderast på bakgrunn av at det i Hylsfjorden og er ledige hyttetomter som ikkje er realisert. Likevel meiner kommunen at området 4.1 er lite konfliktfylt med tanke på hyttebygging. Området ligg på oversida av fylkesvegen og kome såleis ikkje i vesentleg konflikt med strandsonevernet eller andre interesser. Kommunen meiner at ei skånsam utbygging av hytter her med relevante krav til lokal byggjeskikk vil føre til at hyttene underordne seg og tilpasse seg landskapets karakter. Det må og tilleggas vekt at dette kan gi eit viktig bidrag til å kunne drive gardsbruket her også i framtida.</p> <p>Kommunen meiner vidare at området 4.2 er konfliktfylt i høve til spesielt jordvernomsyn og biologisk mangfald.</p> <p>I det bratte terrenget ned mot sjøen vil område 4.3 og 4.4 vere spesielt konfliktfylt i høve til strandsonevernet, men også landskapet. I høve til utbygging av område 4.1 og båtplassar, så er planlagde båthamner i nærområdet, til dømes Vanvik som kommunen vil ta inn i kommuneplanen</p>
Tilråding		Kommunen vil ta område 4.1 inn i kommuneplanen til byggjeområde fritidsbustader, område 4.2, 4.3 og 4.4 blir ikkje tatt inn.




## 5 Indre Sandvika - hytter

Indre Sandvika, Hylsfjorden	
<b>Forslagsstillar</b>	Johannes Fattnes og Stein Olav Fattnes
<b>Gnr/Bnr</b>	79/2 i forlenginga av 78/2 (Stein Olav Fattnes)
<b>Dagens arealbruk</b>	1 hytte innanfor 79/2 og 3 hytter innanfor 78/2. Skogsområde med skogsveg.
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-føremål i gjeldande kommuneplan for 79/2 og byggeområde fritidsbustader for 78/2.

### Innspel, framlegg til føremål:

Dei ynskjer å få sett av areal til utbygging av fritidsbustader i liten skala i Indre Sandvika. Området grenser mot Sandvika kor det allereie er sett av areal til fritidsbustader i kommuneplanen.

I følge planinnspelet kan hyttene leggjast i god avstand frå sjø og ein tenker felles brygge både i Indre Sandvika og Sandvika. Det blei varsla oppstart av plan for området for nokre år sidan. Ein legg opp til å fremme ein felles reguleringsplan over området.



### Konsekvensvurdering


Landbruk		
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Ingen spesielle registreringar
Vatn og vassdrag		



100-meters beltet		I vesentleg konflikt med strandsonevernet.
Kulturminne/kulturlandskap		
Landskap		Det er tale om utbygging i liten skala, men vil bli visuelt eksponert frå sjøsida.
Mineralressursar		
Barn og unge		Lite brukt av barn og unge
Friluftsliv og folkehelse		Ingen registreringar.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Tilleggsnæring til gardsbruk
Infrastruktur og trafikktryggleik		Er skogsveg, men andre krav til standard og avkøyring.
ROS		Aktsemdområde steinsprang og snøskred.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Diverse utslepp frå tiltaket.
Samla vurdering		<p>Kommunen viser til at planinnspelet omfatte eit forholdsvis stort område som i hovudsak ligg innanfor 100 metersbeltet og såleis i konflikt med strandsonevernet.</p> <p>Positivt er det at det er tale om ei småskala hytteutbygging med fellesanlegg nede ved sjøen. Og at det er tale om tilleggsnæring til gardane.</p> <p>Likevel meiner kommunen at eksisterande område for fritidsbustader i gjeldande kommuneplan som ligger like sør for planinnspelet, må nyttast først.</p>
Tilråding		Kommunen vidareføre eksisterande byggeområde for fritidsbustader i gjeldande kommuneplan, men finn ikkje grunnlag for å ta inn planinnspelet for nytt område.


## 6 Fisketjønn – Suldalsosen - bustad

Fisketjønn, Suldalsosen	
<b>Forslagsstillar</b>	Inge Hjorteland og Jakob Roalkvam
<b>Gnr/Bnr</b>	30/2 og 30/9
<b>Dagens arealbruk</b>	Gardsbruk, våningshus, driftsbygning, dyrka mark
<b>Gjeldande planar</b>	LNFR- område i gjeldande kommuneplan
<b>Innspel, framlegg til føremål:</b> Opne i kommuneplanrevisjonen for regulering til bustadføremål og mogleg frådelling av tomter rundt eit tun. Kan vere plass til 6 bustadeiningar i alt mot nåverande 3 utan nemneverdige investeringar i infrastruktur.	



<b>Konsekvensvurdering</b>		
Landbruk		Konfliktfylt i høve til gardstun og dyrka mark
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		

Kulturminne/kulturlandskap		1 våningshus og 1 driftsbygning registrert i SEFRAK verdiklasse C
Landskap		Suldalsdalføret-nasjonalt viktig landskap
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		Ein del av Litlehagen, registrert som viktig friluftsområde (nærturterreng)
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		
Infrastruktur og trafikktryggleik		Kan i hovudsak bruke eksisterande tilkomst.
ROS		
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Radon
Samla vurdering		<p>Når det gjelde tigongen på kommunale bustadtomter på Suldalsosen, så er den god. Kommunen har under opparbeiding eit større bustadfelt på Brakåsen/Klypetjørn. Ulempa med desse tomtene er at dei er plassert opp i ein bratt ås og krev biltransport til skule, butikkar m.m. Kommunen ser positivt på sentrumsnære bustadtomter som ei fortetting av eksisterande bygningar og busetnad. Dette kan gi eit tilbod til eldre og rørslehemma som då treng mindre transport.</p> <p>Samstundes er tiltaket i vesentleg konflikt med gardstun og dyrka mark. I høve til friluftsliv, går rundturen Litlehagen gjennom området, noko som det må tas omsyn til.</p> <p>Grunna eit viktig sentrumsnært bu tilbod og at forholdsvis lite dyrka mark går tapt, vil ein gå inn for innspelet.</p>
Tilråding		Kommunen tar innspelet inn i kommuneplanen.



## 7 Fjetland – råstoffutvinning – utleigehytter

Fjetland (Ropeidhalvøya)	
<b>Forslagsstillar</b>	Lars Fjetland og Elisabeth Bjørkhaug
<b>Gnr/Bnr</b>	124/1
<b>Dagens arealbruk</b>	Skogsområde, ikkje bebygd
<b>Gjeldande planar</b>	LNF- område- 7A og 7B. Deler av 7A i LNF spreidd hyttebygging i gjeldande kommuneplan

### Innspel, framlegg til føremål:


Det blir vist til at deler av garden består av ein fjell type som eignar seg til uttak av murestein. Ein del av dette ligg i LNF-område, og ein ønskjer å få dette regulert slik at ein kan starta med uttak av murestein med tanke på sal. Ønskjer også å bygge mini/mikrohytter for å kunne satse på turisme og utleige. Vil ha satt av eit område til dette føremål.



### Konsekvensvurdering

Landbruk		Noko innmarksbeite, lite fulldyrka. Prega av grunnlendt skog.
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Ingen spesielle registreringar.
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		
Kulturminne/kulturlandskap		Ingen registreringar
Landskap		Masseuttak vil påverke landskapsbilete negativt, sjølv om det er i mindre skala. Tilsvarande med mini/mikrohytter.
Mineralressursar		
Barn og unge		Ikkje mykje brukt av barn og unge
Friluftsliv og folkehelse		Ingen registrerte turvegar i området. Støy frå masseuttaket.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Tilleggsnæring til garden
Infrastruktur og trafikktryggleik		Lett tilgjengeleg, vegar i området.


ROS		Aktsemdområde flaum nord i området 7A
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Støy, støv, avrenning frå steinbrot.
Samla vurdering		<p>Kommunen viser til at det er eit eksisterande steinbrot i området og at innspelet er å sjå på som ei utviding av dette. Positivt å kunne tilby murestein til den lokale marknaden og som ei tilleggsnæring til gardsbruket. Dei ser føre seg å tilbakeføra jordmassar og å reetablere vegetasjon etter uttak på noko av området, noko av arealet vil bli eigna til dyrking og beitemark.</p> <p>I høve til hytter så har ein ikkje trong for nye større områder til fritidsbustader, då ein har ei stor unytta reserve i kommunen. Samstundes ser ein at det kan vere ei nisje å tilby mini/mikrohytter for utleige for å kunne satse på turisme og reiseliv.</p> <p>Områda for masseuttak og utleigehytter ligg forholdsvis nære i avstand og her kan det ligge eit konfliktpotensiale i høve til forureining som støy, støv m.m. Kommunen legg til grunn at masseuttaket er av beskjeden storleik slik at drifta kan tilpasse seg hytteområdet som basere seg på utleige. Dette må vurderast nærare i reguleringsplan for området. Utan om dette er tiltaket lite konfliktfylt i høve til andre interesser.</p>
Tilråding		Kommunen tar med seg innspelet i kommuneplanen. Det vert sett krav om reguleringsplan.



## 8 Berakvam – Sandsfjorden- Industriområde – hamneområde-tunnelinnslag

Berakvam, Jelsa	
<b>Forslagsstillar</b>	Windworks Jelsa AS
<b>Gnr/Bnr</b>	136/1, 3, 6, 15,28; 135/6,7 m.fl.
<b>Dagens arealbruk</b>	Masseuttak, bufferoner, ferdsel i sjø, vegareal
<b>Gjeldande planar</b>	<p>I kommuneplanen er store deler av området disponert til <i>Råstoffutvinning, Næringsverksemd og LNFR (landbruk)</i>. I tillegg omsynssone støy.</p> <p>I sjø er det generelt fleirbruksområde <i>FFFNA</i> samt <i>Ferdsel</i> langs kaiområda i vest. Mot aust eit mindre areal synt som <i>Fiske</i>. Sjøareala er også dekkja av omsynssone <i>Nasjonale laksefjord</i>. <i>Farled</i> er vist med linjesymbol i Straumbergsundet, dette er hovudfarled.</p> <p>Området er vidare omfatta av reguleringsplan for Berakvam (2010). Uttaksområde er regulert til <i>Steinbrot og masseuttak</i>. Fylkesveg 517 er regulert gjennom området som <i>Køyreveg</i>. På innsida av fylkesveg er det regulert <i>Parkbelte i industriområde</i> (bufferoner). På utsida av fylkesvegen er det regulert <i>Friluftsområde, og Jord- og skogbruk på sjølve Straumberget</i>. I sørvest er eit område regulert til <i>Industri</i>, med <i>Trafikkområde i sjø</i> utanfor.</p>
<p><b>Innspel, framlegg til føremål:</b></p> <p>Innspelet gjelde eit nytt industrianlegg på Berakvam, Jelsa for storskala produksjon av betongfundament til flytande vindturbinar og montering av vindturbinane før uttauing til felt i Nordsjøen. Anlegget skal etablerast i Norsk Stein sitt eksisterande steinbrot, når dette er avslutta. Planlagt industriområde er om lag 830 daa stort. Innspelet omfatte også eit hamneområde i sjø på om lag 660 daa, samferdselsliner for omlegging av eksisterande fylkesveg til tunnel samt endring av eksisterande skipslei frå Straumbergsundet til Midtsundet.</p> <p>På land skal det planerast og etablerast kaianlegg med tørrdøkk, noko som føre til at store deler av buffersona mot fjorden blir fjerna og det blir opning mot sjøen. Tilsvarande gjelde i høve til terrengbufferen mot nord (Straumberget) .</p> <p>I plankartet er det meste av Straumbergsundet inkludert, og i skisser over planlagde lekterar for montering av SPAR- fundamenter, vil desse strekke seg over halvvegs uti sundet. På nordsida av Straumberget vil det bli etablert lekterar som vil bli brukt til mellomlagring av fundamenter før ferdigstøyp eller uttauing til felt, den lengste av desse er berekna til å vere 500 m lang og stikke ut i ein nordaustleg retning. SPAR-bøyane vil vere 18 meter i diameter nedst, men noko smalare øvst. Under arbeidet vil desse vere plassert langs lekterar i Straumbergsundet. Det vil vere skipstrafikk til anlegget for leveransar av armering, sement, og komponentar til turbinane, totalt om lag 400 anløp pr år.</p> <p>Det er planlagt aktivitet i hamneområdet frå tidleg i april og ut oktober. Om vinteren vil det vere mindre aktivitet i sjø. Lekterane er tenkt å ligge ute på permanent basis.</p> <p>Det er utarbeidd KU og ROS for innspelet av Asplan Viak dagsett 05.10.2021.</p>	





**Konsekvensvurdering**

Landbruk

Samla sett vil ca 100 dekar landbruksareal bli omdisponert på Straumberget, samt noko skogareal i samband med omlegging av fylkesveg innanfor vegtraseen. Verdien av landbruksarealet er vurdert å vere liten då det ikkje er fulldyrka areal, beitemarkarealet er avgrensa i storleik, skogsbonitet er uproduktiv og garden på Straumberget er ikkje i drift (eigd av Norsk Stein).

Naturmangfald (herunder økosystemtenester)

Ingen spesielle registreringar av naturmangfald på land innanfor planområdet.

Rådgivende biologer har utarbeidd ein rapport sist revidert 17.12.2021 i høve til vurdering av verdi og konsekvens for marint naturmangfald, marine naturressursar og anadrom laksefisk.

Følgjande vurdering av verdi og konsekvens for naturmangfald ligg føre:

1. Giljanaset - Midtsund. Større tareskog førekomst (vurdert som svært viktig (A). Vurdert som noko miljøskade.
2. Ytre Høyvik. Ålegraseng. Stor verdi. Vurdert som ubetydeleg miljøskade
3. Midtsundrevet. Korallrev. Stor verdi. Vurdert som ubetydeleg skade.
4. Straumbersundet. Korallrev. Stor verdi. Vurdert som ubetydeleg skade.
5. Sandsfjorden. Nasjonal laksefjord. Svært stor verdi. Vurdert som betydeleg skade
6. Suldalslågen. Nasjonalt laksevassdrag. Svært stor verdi. Vurdert som betydeleg skade
7. Sjøaurebekkar. Funksjonsområde for aure. Middels verdi. Vurdert som noko miljøskade.
8. Utgreiingsområde som funksjonsområde for vanlege artar. Noko verdi. Vurdert som noko skade.

Samla verknader: Korall førekomstane ved Midtsund og Straumbersundet er utifrå eksisterande kunnskap unike i Boknafjord systemet og ein bør ta spesielt omsyn til desse for å unngå miljøskade. Sandsfjorden og Suldalslågen er dei einaste Nasjonale laksefjord/-vassdraget i Ryfylke, og bør takast spesielt omsyn til.

Samla konsekvens: Middels negativ konsekvens.

Vurdering av verdi og konsekvensar for naturressursar:

- A. Ytre Høyvika. Låsettingsplass. Middels verdi. Vurdert som betydeleg skade.
- B. Ottøya vest. Rekefelt. Middels verdi. Vurdert som noko skade.
- C. Vatlandsvåg-Økstrafjorden. Gytefelt torsk. Middels verdi. Vurdert som ubetydeleg skade.

Samla verknader: Det er ikkje venta betydelege samla verknader på dei typar naturressursar som finns innanfor utgreiingsområdet.

Samla konsekvens: Noko negativ konsekvens. Eit delområde med betydeleg skade, men lite

negative konsekvensar elles. Det er stor usikkerheit knyta til påverknad Ytre Høyvik, og truleg er konsekvens vurdert strengt.

I høve til anadrom laksefisk blir det i rapporten peika på at det er sannsynleg at Straumbergundet og Midtsundet er hovudvandringsvegane for smolt og vaksen laks i det den passere Berkvam.

Lekterane vil dekke store deler av Straumbergundet, dette vil endre straumtilhøva og skape barrierar for utvandrande postsmolt. Det er sannsynleg at utvandrande postsmolt blir forsinka i utvandringa forbi Straumsundet. Postsmolten vandrar også ofte i stim, og ein kan ikkje utelukka at installasjonane og annan aktivitet i området vil føre til oppsplitting av stimane. Forsinka utvandring kan gi auka påslag av lakselus, noko som kan føre til auka dødelegheit på den utvandrande postsmolten. Lengre opphaldstid i fjordsystemet og oppsplitting av utvandrande stimar kan og føre til auka predasjon frå både fisk og fugl. Ein vurderer det slik vaksen laks på veg inn i fjordsystemet ikkje vil bli like negativt påverka som smolten.

Vurderingane i rapporten til Rådgivende biologer AS sprikar noko. Under samla verknadar står det at «bestanden i vassdraget må hensyntas spesielt», og i samla konsekvensar for miljøtema naturmangfald er Sandsfjorden og Suldalslågen omtalt med «Betydeleg miljøskade».

Under tema» *Påvirkning Anadrom laksefiske*» står det at tiltaket vil kunne medføre noko forringing for laksebestanden i Sandsfjorden og Suldalslågen.

Suldalslaksen har i lengre tid vært under vesentleg negativ påverknad frå mange miljøfaktorar, særleg frå vasskraft og oppdrett. Det blir allereie i dag gjennomført mange krevjande og kostbare avbøtande tiltak for å oppretthalde bestanden til Suldalsslaksen og laksebestanden i Sandsfjorden. I følgje St.prp.nr 32 (2006-2007) «*Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder*» skal «Laksebestandene i

		<p>nasjonale laksefjord/-vassdrag beskyttes mot inngrep og aktiviteter i vassdragene og i de nærliggende fjord- og kystområdene. I de nasjonale laksevassdragene er det ikke tillatt med nye tiltak og aktiviteter som kan skade villaksen.»</p> <p>Suldalslaksen er ein storlaksbestand med særskilt genetisk karakter, ein laksebestand av lokal, nasjonal og internasjonal verdi.</p> <p>Suldal kommune si vurdering er at tiltaket er i svært stor konflikt med det marine naturmangfaldet, spesielt i høve til laksebestanden.</p>
Vatn og vassdrag		<p>Bekken i ytre Høyvik vil kunne bli råka av tiltaket. Bekken har liten verdi jfr tidlegare omtale og undersøking av bekken (Jarle Lunde)</p>
100-meters beltet		<p>Stor konflikt i høve til strandsoneverdiene ved nedbygging av Straumberget.</p>
Kulturminne/kulturlandskap		<p>Ingen registrerte automatisk freda kulturminne innanfor planområdet.</p>
Landskap		<p>Registrert regionalt viktige landskap i området. Det ligg føre ein rapport Asplan Viak som omhandle KU for landskapsbilete Windworks Jelsa.</p> <p>I rapporten så er influensområdet delt inn i 2 delområde basert på landskapskarakter, og ein gitt verdi. Verdien er basert på landskapskarakteren og førekomst av denne type landskap.</p> <p>Delområde 1 er eit kupert og stadvis intimt landskapsområde og gitt middels til stor verdi, det er også i dette delområdet det nye tiltaket er plassert. Omfanget er vurdert som høgt og konsekvensen er difor sett til middels til stor.</p> <p>Verdien av delområde 2 er satt til middels, omfanget er vurdert som middels til lavt og konsekvensen er difor sett til lav. Det er lagt til grunn av tiltaket i hovudsak vil foregå og henvende seg innover delområde 1.</p> <p>Kommunen viser til at landskapsbilete i deler av området i dag er sterkt prega av masseuttak. Likevel meiner kommunen at landskapsbilete i området blir i betydeleg grad negativt påverka av tiltaket gjennom fjerning av buffersoner mot sjø, nedbygging av Straumberget og gjennom</p>

		store, ruvande installasjonar på land og i sjø som kranar, fundamenter og lekterar.
Mineralressursar		Ligg inne som mineralressurs i regional plan for byggeråstoff i Ryfylke. Tiltaket vil føre til at ikkje heile ressursen vil bli nytta. <b>Utrekningar viser at om ein forutsett uttak ned til djupne minus 55, var gjenståande volum pr. 01.01.2022 på 127 mill. tonn eller nok til 10 år med produksjon (12 mill. tonn pr år). Av dette vil 40 mill. tonn ikkje kunne nyttast ved ei etablering av industriområde. Dette utgjer vel 3 års drift med produksjon på 12 mil. tonn pr år. Ressursen som vert bandlagt er ikkje tapt som ressurs for all framtid. Den vil kunne nyttast av framtidige generasjonar, om og når planlagt bruk av området blir avslutta.</b>
Barn og unge		Ingen kjente verdier for barn og unge i området, men vil likevel bli negativt påverka av tiltaket.
Friluftsliv og folkehelse		Ingen kjente verdier eller merke turløyper på land. Deler av området er prega av industri, men friluftsliv og rekreasjon frå sjøsida vil bli ytterlegare negativt påverka. Støyproblemet vil også kunne auke då ein fjerne bufferar og det er uheldig i eit folkehelseperspektiv.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Anlegget vil kunne generere mange arbeidsplassar, både direkte på anlegget og indirekte i næringslivet i regionen. Gjennom dette bidra til busetnad, aktivitet og økonomi for kommunen.
Infrastruktur og trafikktryggleik		<u>Omlegging av fv 517:</u> Eksisterande fylkesveg 517 går gjennom området og det er ein føresetnad at denne blir lagt om for å realisere industriutvikling i området. Dette grunna etablering av dokker mot sjøsida i verksemda til WWJ. Det er framlegg om tunnel på søraustsida av steinbrotet, med tunnelinnslag og påkobling til eksisterande fylkesveg aust og sør for planområdet. Det er inngått dialog med vegmynden Rogaland fylkeskommune om saka.  I silings rapporten dagsett 28.01.2022 er det teikna inn alternativ 1 og alternativ 2 som vegtrasear. Begge har påhogg for tunnel sør for Norsk Stein sitt anlegg eller i søndre del av anlegget. Begge alternativa vil kunne ha ei linjeføring som gir same påhogg i nordre ende.

	<p>For endeleg val av trase må det uførast geologisk for undersøkingar for å finne best eigna påhogg både i sør og nord.</p> <p>Alternativ 2 synes i utgangspunktet å vere den beste, den gir minst påverknad på eksisterande naturmiljø og gir ein kortare tunnel og trase.</p> <p><u>Marin ferdsel:</u> Hovudfarlei går i dag gjennom Straumbersundet. Dersom omsøkt industriutvikling skal realiserast, er det ein føresetnad at farleia blir lagt om. I sjøarealet i Straumbersundet ønskje ein å plassere lekterar på djupt vatn for ferdigstøyp og montering av vindturbinar.</p> <p>Det er utarbeidd eit notat med vurdering av omlegging av farlei til Midtsund. Djupne- og breiddeforhold i Midtsund er vurdert, og det er skissert 3 moglege trasear for ny farlei gjennom Midtsund som grunnlag for vidare dialog med Kystverket.</p> <p>Verdiar som kan bli påverka av ny farlei er mellomanna ankringsområdet Reiphammargrunnen. Naturrestatet på øya Kjølvikskorpa kan bli noko påverka dersom det skal etablerast navigasjons installasjonar av mindre omfang på øya. Konsekvensar for marin ferdsel vil bli vurdert i den vidare dialogen med Kystverket.</p> <p>Samla sett finn kommunen at omlegging av fylkesveg og hovudfarlei er svært konfliktylt.</p>
ROS	<p>Marin grense og aktsemdområde steinsprang. ROS-analyse er gjennomført.</p>
<p>Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)</p>	<p><u>Støy:</u> Planlagt industriverksemd vil medføre støyande aktivitetar frå døgntinuerleg drift. Området er i dag sterkt prega av støy og støv frå eksisterande masseuttak ved Norsk Stein.</p> <p>Eksisterande steinbrot har i dag ein regulert buffersone mot sjøen som visuell og støyskjermende barriere. Store deler av buffersona er planlagt fjerna for å frigjere naudsynt areal til planlagt industriverksemd og</p>

dokkanlegg. Fjerning av buffersone vil resultere i større støyspreiing.

Brekke og Strand har gjennomført ei støyvurdering m/støysonekart. Det vert konkludert med at samla støysituasjon vil bli forverra av tiltaket. Fritidsbustader i umiddelbar nærleik i Høyvik og på Østabøflota vil få støynivå over grenseverdiane i T-1442. Ved Skreddarneset kan ein skilde aktivitetar på natt medføre mindre overskridingar, som ein kanskje kan løyse i den vidare detaljeringa av planlagde tiltak. For andre område vil auka i støy kunne vere merkbar, men ikkje over tillate grenseverdiar.

Klimagass: Det er utarbeidd ei overordna vurdering av klimagassutslepp knyta til Windworks Jelsa.

Havvind er eit viktig bidrag til miljøvenleg kraftproduksjon, og dermed også til å redusere utslepp av klimagassar. Men bygging av turbinar som skal plasserast offshore vil også bety ressursbruk og miljøulempar. Aktørane bak WWJ meiner at ei utbygging på Berakvam/Jelsa vil bidra til at desse ulempa blir minst mogleg fordi:

- Utbygging av dokkanlegg vil la seg kombinere/forene med vidare uttak av steinmassar. Klimagassutslepp knyta til bearbeiding av terreng vil difor for det mest bli knyta til Norsk Stein si verksemd og ikkje til bygging av dokkanlegget. Sjølve utbygginga vil dermed ikkje blir belasta med store utslepp.
- Tilslagsmateriale til betong kan hentast lokalt og dermed unngå transport og utslepp knyta til det.
- Jelsa sin nærleik til dei områda i Nordsjøen som først vil bli utbygd med havvind (spesielt Utsira Nord).
- WWJ vil kunne bygge både fundamentar og gjere samanstilling og montering på ein stad utan behov for transport mellom ulike stader. Tilsvarande ved større vedlikehaldsbehov.

Lys: Det kan påreknast lysforureining frå industriområdet. Ein må vurdere bruken av lys


	<p>på anlegget gjennom tiltak som reduserer direkte lys ut av området og lys mot himmel/skydekke.</p> <p><u>Utslepp:</u> Planlagt industriaktivitet medføre fare for utslepp frå skip, frå produksjonsprosessar (betongproduksjon) og ved tømning av tørrdokker. Detaljutforming av industriområdet og dokkanlegg med tilhøyrande produksjonsanlegg er pr nå ikkje avklart. Risiko for permanent og akutte utslepp må vurderast ved detaljregulering og evt risikoreducerande tiltak må innarbeidast i planen.</p> <p>Samla sett meiner kommunen at forureining frå industriområdet vil vere svært konfliktfylt i området.</p>
Samla vurdering	<p>Kommunen meiner det er svært positivt med etablering av Winworks Jelsa med tanke på arbeidsplassar, aktivitet, busetnad og økonomi både lokalt og regionalt. I tillegg er det eit viktig element i det grøne skiftet.</p> <p>Kommunen meiner og det er positivt at store deler av området som ein søke omdisponert til næringsareal, inngår i Norsk Stein sitt uttaksområde. I tillegg til at området landskapsmessig allereie er sterkt prega av uttak av stein, vil ei samlokalisering gi driftsfordeler ved bruk av tilslagsmateriale til betong m.m.</p> <p>Likevel vil anlegget i betydeleg grad påverke landskapsbilete i området og det må difor vurderast avbøtande tiltak i reguleringsplanprosessen. Spesielt gjelde dette i høve til å etablere ein buffer på Straumberget mot Skreddarneset og Høyvik som også kan fungere i høve til støyskjerming. Også området mot sjøen må vurderast i høve til skjerming for å redusere den visuelle eksponeringa.</p> <p>I høve til naturmangfaldet er det spesielt det marine naturmangfaldet som blir påverka. Lekterar vil dekke store deler av Straumbergsundet og vil gi negative verknader for laksebestanden i Sandsfjorden. Laksen er nær trua (NT) på den norske raudlista (Artsdatabanken 2021), og den nasjonale laksefjorden Sandsfjorden og det nasjonale laksevassdraget Suldalslågen har svært stor</p>



	<p>verdi. I tillegg er Sandsfjorden også nytta av laksebestandane som høyrer til i elvane inne i Sauda. I elvane Nordelva og Storelva i Sauda er laksebestandane sterkt reduserte og elvane er freda/har svært avgrensa fiske. Kommunen kan difor ikkje godta eit tiltak i Sandsfjorden som set laksebestandane i ytterlegare fare enn allereie i dag.</p> <p>Støyrapporten peike på ein del utfordringar knyta til støy i nærområdet som følgje av Wind-Works Jelsa si verksemd, samt noko auka støy frå Norsk Stein i hovudsak knyta til lasting av offshore -massar. Ein del av desse utfordringane kan løysast ved terreng bufferar og driftsmåte/driftstider. Dette gjeld ved Skreddarneset. For bygningar nærare anlegget på Ytre Høyvik viser rapporten at støyen vil kome over grenseverdiane T-1442 set for industri med heilkontinuerleg drift. I dette området vil ein også kome såpass nærme industrianlegget at den samla negative verknaden blir stor. Dette temaet må greiast nærare ut i samband med reguleringsplanprosessen.</p> <p>Når det gjelde omlegging av farleden til Midsundet må det også i reguleringsplanprosessen gjerast vurdering av verknader for både naturreservat og det marine livet i området herunder registrerte korallrev. I tillegg må omlegginga av farled godkjennast av sektormynd (Kystverket).</p> <p>Samla sett finn kommunen å legge avgjerande vekt på den betydelege samfunnsnyttan etableringa av eit slikt anlegg vil ha på Jelsa; både nasjonalt i høve til det grønne skiftet, men også lokalt og regionalt. Samlokalisering med Norsk Stein sitt uttaksområde er heilt klart ein samfunnsmessig fordel framfor etablering i eit område med lite tekniske inngrep.</p> <p>KU viser at også ulempene ved eit slikt anlegg er store. Kommunen meiner at ved å stille relevante krav og gode avbøtande tiltak til anlegget i reguleringsplanprosessen, vil fleire ulemper kunne bli redusert til eit akseptabelt nivå. Samstundes er realiteten sånn at spesielt den næraste bygningane på Ytre Høyvik vil få merkbare negative verknader som følgje av aktiviteten til Windwork Jelsa.</p>
--	---

	<p>Nullalternativet er at steinbrotet vert vidareført i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Regulerings føresegnene for noverande drift på Norsk Stein stadfestar at buffersoner på utsida av fylkesvegen skal bevarast, og at buffersoner på innsida av fylkesvegen kan bearbeidast og hevast til kote 50/kote 64 for å skjerme uttaksområdet mot sjøen. Etter avslutning skal brotkanten stå igjen med pallar som revegeterast, og uttaksområdet lågare enn omlag kote 5 skal setjast under vatn, slik at det blir eit permanent vass-speil på innsida av buffersona.</p> <p>I høve til alternativ plassering av anlegget, så har lokaliseringa i h.t plan innspelet fordelar som er vanskeleg å sjå andre stader. Dette gjeld fyrst og fremst moglegheita å etablere tørrdogg i eksisterande steinbrot og tilgang til tilstrekkeleg vassdjupne i nærområdet rundt doggene for samanstilling og utslep av vindturbinar til offshore felt.</p>
Tilråding	<p>Kommunen tar innspelet inn i kommuneplanen. Det blir lagt inn farled i Midsundet og det blir lagt inn 2 alternative vegtrasear med omsynssone for omlegging av FV 517. Sjøområde blir sett av hamneområde. Det blir sett krav om reguleringsplan før utbygging skal skje.</p> <p>I reguleringsplan må det dokumenterast at laksebestandane i Sandsfjorden ikkje får ytterlegare redusert tilstand ved tiltaket. Herunder må smolten og den vaksne laksen sin vandringsveg i området kartleggast og det må utgreiast kva ulemper tiltaket får og eventuelt vurdere alternativ plassering/avbøtande tiltak.</p> <p>Følgjande avbøtande tiltak/utgreiingar skal vurderast i reguleringsplan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vurdere om kaianlegget kan avgrensast slik at ein kan oppretthalde ein terrengbuffer- spesielt viktig i høve til Ytre Høyvik/Skreddarneset også som støyskjerm</li> <li>- Å etablere ein sone mellom kaianlegget og industrianlegget der det vert anlagt ein voll med vegetasjonsskjerm.</li> <li>- Vidare sikring av revegetering av brotkant (i bakkant av industriområdet)</li> </ul>

- Vurdere bruken av lys på anlegget gjennom tiltak som redusere direkte lys ut av området og lys mot himmel/skydekke.
- Risiko for permanent og akutte utslepp må vurderast ved detaljregulering og evt risikoreduserande tiltak må innarbeidast i planen.
- Det må utarbeidast støyrapport ved detaljplan og støyreduserande tiltak må vurderast.
- Utgreiing og konsekvensar knyta til ny farlei og omlegging av FV 517



## 9 Jårvik – Sandsfjorden – hytter- båthamn

Jårvik		
<b>Forslagsstillar</b>	Konrad Helge Jårvik	
<b>Gnr/Bnr</b>	132/1	
<b>Dagens arealbruk</b>	Skog og åpent område	
<b>Gjeldande planar</b>	LNFR i gjeldande kommuneplan	
<b>Innspel, framlegg til føremål:</b> Ønsker å utvide tilgrensande regulert hyttefelt med inntil 9 nye hytter, med felles båtanlegg med inntil 20 plassar i Djupevik og felles naust.		
<b>Konsekvensvurdering</b>		
Landbruk		
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Ingen spesielle registreringar. Nasjonal laksefjord.
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		Få tekniske inngrep.
Kulturminne/kulturlandskap		
Landskap		Visuell fjernverknad frå sjøen. Regionalt viktig landskap
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		
Infrastruktur og trafikktryggleik		Mogleg med eksisterande avkøyring frå fylkesveg.
ROS		Aktsemdområde jord og flaumskred, steinsprang i deler av området. Marin grense.

<p>Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)</p>		<p>Området ligger i nær tilknytning til framlegg for utviding av uttaks-område for Norsk Stein tvers over fylkesvegen. Sjølv om område ligg utanfor gule og raude støysoner, vil ei utviding av uttaksområde kunne gi merkbar støy og også støvproblem. Spesielt gjelder dette etter 10 års drift då planane for uttak legg opp til uttak i nordleg retning og altså nærare dette området.</p>
<p>Samla vurdering</p>		<p>Kommunen ser i utgangspunktet positivt på ei utviding av eksisterande hyttefelt. Ei mindre utbygging her gjer at hyttene vil kunne underordne seg landskapets karakter og ein vil også kunne få etablert ei felles båthamn samt ein felles heilskapleg reguleringsplan for heile hyttefeltet. Imidlertid er det sånt at kommunen har ei betydeleg hyttereserve når det gjelde ubygde hytter i reguleringsplanar både langs sjøen og i fjellet. Kommunen ønskjer heller ikkje å legge til rette for ny utbygging som vil kunne bli negativt påverka i ei framtidig drift for Norsk Stein AS.</p>
<p>Tilråding</p>		<p>Rår til at innspelet ikkje blir tatt inn i kommuneplanen.</p>

## 10 Sand - båthamn

Sjøområdet v/Bekkjartorget, Sand	
<b>Forslagsstillar</b>	Sand Grendeutval
<b>Gnr/Bnr</b>	
<b>Dagens arealbruk</b>	Sjøareal
<b>Gjeldande planar</b>	Gjeldande detaljplan for Sand sentrum nord

**Innspel, framlegg til føremål:** Sjøområdet ut frå Bekkjartorget må regulerast til bruk for båthamn. Eksisterande ferjefil må omregulerast til skråstilte parkeringsplassar. Rive den gamle meieribygninga og lage til plass for bussen å stå der.



Konsekvensvurdering	
Landbruk	
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	
Vatn og vassdrag	
100-meters beltet	
Kulturminner/kulturlandskap	
Landskap	
Mineralressursar	
Barn og unge	
Friluftsliv og folkehelse	
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)	
Infrastruktur og trafikktryggleik	
ROS	
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)	
Samla vurdering	Framlegget til grendautvalet bryt med gjeldande detaljplan for Sand sentrum nord godkjent 13.12 2018. I detaljplanen er hurtigbåtanløp lagt til Bekkjartorget og det er lagt opp til kombinert haldeplass og

		<p>snuplass her. I sjøområdet utanfor er eit areal sett av til ferdsel VFS for mellomanna hurtigbåt og eit mindre areal mot nord er sett av til småbåthamn SM. I området SM er det opna for å legge ut flytebrygge/uteliggjarar i.h.t detaljplanen.</p>
Tilråding		<p>Kommunen tar ikkje innspelet inn i kommuneplanen då det vil bryte med arealdisponeringa i gjeldande detaljplan for Sand sentrum nord.</p>

## 11 Vatlandsvåg – Skotavika hytter/nausthytter/kai og brygger

Skotavika, Vatlandsvåg (Ropeidhalvøya) Innspel nr. 11		
<b>Forslagsstillar</b>	Holmen Eigendom v/Stig Arild Holmen	
<b>Gnr/Bnr</b>	118/7	
<b>Dagens arealbruk</b>	2 bygningar registrert som einebustader og 1 naust i området. Noko innmarksbeite i nord, elles ein del knausar samt busker og kratt.	
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-området i gjeldande kommuneplan	
<p><b>Innspel, framlegg til føremål:</b>                      Holmen eigedom ønskjer å etablere 7 hytter, 4 nausthytter, 4 naust bodar på gnr.118 bnr.7 i tillegg til kai og brygger området. Det er tenkt 2 hytter sør i området, resten av tiltaka mot nord i området. Holmen viser til at det vil bidra positivt i nærområde i form av kjøp av lokal entreprenør/byggetenester. I tillegg vil den lokale butikken få fleire kundar.</p>		
Konsekvensvurdering		
Landbruk		Registrert noko innmarksbeite nord i området, men vurdert som liten konflikt.
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Gyteområde for torsk i sjøen. Nasjonal laksefjord.
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		Nedbygging av strandsone, vesentleg strid med strandsoneinteressene
Kulturminne/kulturlandskap		Ingen spesielle registreringar.
Landskap		Regionalt viktig landskap. Nedbygging av strandsona i



		vesentleg konflikt med landskapsbiletet.
Mineralressursar		
Barn og unge		Privatisering av strandsone, negativt for barn og unge.
Friluftsliv og folkehelse		Privatisering av strandsone, avgrensar moglegheitene for ålmenta sitt friluftsliv.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Generere aktivitet og overrisslingseffekt i lokalmiljøet.
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		Marin grense, høg radon, aktsemdområde for steinsprang og snøskred.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Utslepp til etableringa.
Samla vurdering		<p>Vatlandsvåg er eit område som i dag er sterkt prega av utbygging av hytter, naust, nausthytter, brygger og andre tiltak, spesielt på austsida av vågen. Tilgjengeleg strandsone for ålmenta er redusert gjennom bit for bit nedbygging. Tilsvarande vil landskapet i området blir negativt påverka ved at forholdet mellom områder med byggjepreg og naturpreg vil bli endra.</p> <p>Positivt ved planinnspelet er at det vil generere aktivitet og vil ha ein lokal overrisslingseffekt ved kjøp i butikken, lokale tenester m.m.</p> <p>Kommunen meiner likevel at planinnspelet vil føre til ytterlegare nedbygging av strandsona på bekostning av ålmenta sine interesser. Til dette kommer at kommunen har ei betydeleg hytterreserve med ledige tomter også langs sjøen.</p>
Tilråding		Kommunen tar ikkje innspelet med seg i kommuneplanen.

## 12 Vanvik småbåthamn

Vanvik	
<b>Forslagsstillar</b>	Amund Fattnes for Gustav Vanvik
<b>Gnr/Bnr</b>	84/1
<b>Dagens arealbruk</b>	Sjøområde
<b>Gjeldande planar</b>	Gjeldande reguleringsplan for Vanvik som omfattar ein mindre del av hamna med føremålet: sjøområde/småbåt/allmennbruk. Hovuddelen av anlegget vil ligge i kommuneplanen med føremål fleirbruksområde FFFNA.

### Innspel, framlegg til føremål:

Ønskjer småbåthamn i Vanvik då det ikkje er tilgjengeleg småbåthamn i Vanvik eller andre områder på nordsida av Hylsfjorden for sikker og forsvarleg forankring/tilkomst av småbåt.

Viser til hamn under planlegging i Drarvik, om lag 7 km bilveg lenger ute i fjorden. Eigna for alle andre interessentar i og utanfor bygda (Hylsfjorden) med unntak av Vanvik som sjølv har direkte tilknytning til sjø.


Er i dag 10 båtar ligg på svai på blåser eller til mindre lokale brygger. Undersøkingar viser at minimum 20 interessentar i nærområdet ønskjer denne hamna.



### Konsekvensvurdering

Landbruk		
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Gyteområde torsk. Nasjonal laksefjord
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		Planlagt utifrå eksisterande kaianlegg på land.


Kulturminne/kulturlandskap		Vil ikkje kome i konflikt med verna naustrekkje som ligg nord for brygge
Landskap		Påverkar landskapsbiletet
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		Auka tilgjenge til fjorden for folk i området.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		
Infrastruktur og trafikktryggleik		Ser ingen ulempe for ferdsel i sjøområdet
ROS		Marin grense
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		
Samla vurdering		Utgangspunktet vil jo vere at nordsida av Hylsfjorden sitt behov for felles småbåthamn vil kunne seiast dekkja gjennom planlagt småbåt hamn i Drarvik. Men samstundes er det sånn at det er behov for mindre båthamner der folk bur i tilknytning til sjøen slik som i Vanvik der det lang tradisjon for å ha båt på sjøen. Det er også ein usikkerheit om båthamna i Drarvik blir realisert. Ei hamn her vil også styrke folks moglegheit langs fjorden for rekreasjon og friluftsliv. Tiltaket er også reversibelt og står fram som lite konfliktfylt.
Tilråding		Kommunen tar innspelet inn i kommuneplanen.



### 13 Falkås Erfjord – hytter/utleiehytter

Erfjord, nedanfor RV13 v/Falkås	
<b>Forslagsstillar</b>	Odd Jostein Aas og Tone Berge Aas
<b>Gnr/Bnr</b>	168/1
<b>Dagens arealbruk</b>	Eit eldre naust elles ubebygd, bratt terreng med ur og skog nedanfor RV13, traktorveg gjennom deler av området
<b>Gjeldande planar</b>	LNFR- område i gjeldande kommuneplan. Ankringsområde AN i sjøområdet.

**Innspel, framlegg til føremål:** Ynskjer å sette av eit område nedanfor RV.13 i Erfjord til fritidsbustader/utleiehytter. Dette for å styrke næringsgrunnlaget til garden. Vil forleng eksisterande område som er sett av til fritidsbustader då det er lite egna til dette føremålet.



Konsekvensvurdering	
Landbruk	■
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	■
Vatn og vassdrag	■
100-meters beltet	■ Strandsone som er lite berørt av tekniske inngrep.
Kulturminne/kulturlandskap	■

Landskap		Indre Erfjord. Regionalt viktig område. Bratt terreng, terrenginngrep og visuell fjernverknad frå sjøen
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Vil kunne styrke næringsgrunnlaget til garden, men er samstundes i strid med området sett av til ankringsområde AN i gjeldande kommuneplan. Sjølv om ankringsfestene ligg mot sør i det eksisterande området, så er det liten tvil om at oppankring av store skip, lekterar eller plattformer vil kunne verke negativt inn på eit hyttefelt her med både visuell påverknad, lyd, lys og evt utslepp.
Infrastruktur og trafikktryggleik		Utfordrande med tilkomst og avkøyring til RV 13.
ROS		Deler av området ligg innanfor aktsemdområde for jord og flaumskred, samt lausmasse skred.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Støy frå riksveg.
Samla vurdering		Kommunen meiner at området er lite eigna for bygging av hytter med tanke på bratt terreng, forholdsvis store landskapsinngrep, punktering av strandline og konfliktpotensiale i høve til oppankringsområde.
Tilråding		Kommunen vil ikkje ta planinnspelet med i kommuneplanen.

## 14 Helland – Bubiloppstilling


Vormestrand (Ropeidhalvøya) innspel 14		
<b>Forslagsstiller</b>	John Sigve Helland	
<b>Gnr/Bnr</b>	185/1	
<b>Dagens arealbruk</b>	Innmarksbeite	
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-føremål i gjeldande kommuneplan	
<b>Innspel, framlegg til føremål:</b>		
Ynskjer å regulerer inne eit område til bubiloppstilling/camping. Området vert brukt til sauebeite.		
<b>Konsekvensvurdering</b>		
Landbruk		Stor konflikt i høve til område registrert i all hovudsak som innmarksbeite men også noko fulldyrka areal. Jordvern.
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		Deler av området ligg innanfor denne sonen.
Kulturminne/kulturlandskap		
Landskap		Visuelt eksponert frå sjøsida.
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Vil vere konfliktfylt i høve til kveiteoppdrett og utvida næringsareal hos Sterling White Halibut som ligger i nærleik av dette området.

Infrastruktur og trafikktryggleik		Trafikk frå næringsområde, sjølv om dette er mest sjøretta.
ROS		Marin grense og snøskred.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Påverknad lokalt.
Samla vurdering		Kommunen meiner det er utifrå jordvernomsyn er feil å bruke det aktuelle området til bubil/campingplass. I tillegg konflikt i høve til landskapet/strandsona er også lokalisering så tett inn på eksisterande næringsverksemd uheldig.
Tilråding		Kommunen tar ikkje med innspelet i kommuneplanen.

## 16 Jelsa – Kordalsnuten- Grønneviksåsen - Råstoffutvinning

Berakvam, Jelsa	
<b>Forslagsstillar</b>	Norsk Stein AS
<b>Gnr/Bnr</b>	134/1 134/5 134/6 132/1 132/6 142/1 144/1
<b>Dagens arealbruk</b>	Skogs- og myrområde
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-område i gjeldande kommuneplan og omsynssone råstoffutvinning jfr regional plan for byggeråstoff i Ryfylke.
<p><b>Innspeil, framlegg til føremål:</b>  Norsk Stein har dei siste åra tatt ut 10-12 millionar tonn stein på Berakvam. Uttak av stein følgjer reguleringsplanen av 21.09.2010 for området. Innafor det regulerte uttaksområdet er det igjen ressursar for omlag 15 år.</p> <p>Norsk Stein ønsker nå å utvide uttaksområde i nordaustleg retning frå dagens uttaksområde med eit areal på toppterreng 2818 da. Området har svært god steinkvalitet jfr NGU. Tilsvarende område er sett av i regional plan for byggeråstoff i Ryfylke.</p> <p>Framlegget representere ein uttaksmengd på 1466 millionar tonn stein (kote -55). Med eit gjennomsnittleg uttak på 12 millionar tonn gir framlegget ei omtrentleg tidshorisont på 120 år. Tilsvarende uttaksmengd ned til kote + 5 er 1165 millionar tonn og har ein tidshorisont på 97 år.</p> <p>Bakgrunnen for storleiken på området:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Svært langt tidsperspektiv samt ha eit ressursgrunnlag for å kunne doble årsproduksjonen frå 12 til 24 millionar tonn</li> <li>- Vil ha langsiktighet for svært langsiktige og store investeringar.</li> <li>- Vil ha moglegheit for å ta ut ressursen selektivt dersom kvalitetsskilnader gjer det naudsynt (ikkje alt av ressursen kan brukast til alle føremål).</li> <li>- Unngå framtidige arealkonfliktar.</li> </ul> <p>Framlegg om at uttak av stein skjer etappevis og startar opp i sør aust og vert utvida langs austleg side mot nordaust i fleire etappar. Dette for å avgrense innsyn og støy for fritidsbusetnad og fastbuande (særleg vest for uttaksområdet ;Høyviksområde) ved at drifta går føre seg i bakkant av ein brotkant og for det meste på et mye lågare nivå enn brotkanten.</p> <p>Det er tenkt tunell på ca 2.1 km med transportband for massetransporten mellom eksisterande og framtidig uttaksområde. Intern tilkomstveg med ei breidde på 10 meter (skulder til skulder), stigning på i gjennomsnitt 10 %, lengde på 1,7 km mellom uttaksområde i dag og det framtidige uttaksområde. Skal brukast til transport av tungt utstyr/maskinar, arbeidskraft og servicetenester samt veg til evakuering ved uønskte hendingar. Avrenning skal skje til Sandsfjorden, og ikkje Økstrafjorden. Grøn vegetasjonsskjerm rundt brotet. Området er synt som 16-1 på kartet.</p>	





### Konsekvensvurdering

#### Landbruk

Andelen dyrka mark er liten innanfor planområdet.

Ifølgje gardskart.no er det ein god del areal som er definert som produktiv skog, men mesteparten av dette er furuskog på låg bonitet (F8), litt bjørk og nokre få granbestand på god bonitet.

Furuhogst på låg bonitet gir som oftast utfordringar med dårleg økonomi, då det står lite m<sup>3</sup> pr dekar og driftsprisen er relativt høg.

#### Naturmangfald (herunder økosystemtenester)

Asplan Viak har gjennomført naturfagleg kartlegging av naturtype- lokalitetar i framlegget til nytt uttaksområde for stein jfr rapport dagsett 01.06.2021.

Det er i undersøkingsområdet registrert i alt 15 naturtypelokalitetar, dvs spesielt viktige områder for naturmangfald basert på Miljødirektoratets handbok 13.

Samla sett er utvidinga vurdert til stor negative konsekvensar for naturmangfald på grunn av arealbeslag av ei rekke naturtypelokalitetar. I tillegg vil eit stort område med skog som er viktig funksjonsområde for gammalskoglevande fuglearter (som kvitryggspett m.m) og områder med noko landskapsmessig verdi bli nedbygd dersom planen blir realisert. Spreidde verdifulle

	<p>naturelement som ikkje kvalifisere som naturtypelokalitetar med spreidde gamle trær av eik (til dømes sør og aust av Kordalsnuten), små ospeholt med middelaldrande trer, små parti med yngre edellauskog og parti med noko eldre furuskog, vert også råka og går inn i totalkonsekvensen.</p> <p>Myrområde som inngår i uttaksområde er viktig levestad for artar og også viktig som lagring av CO<sub>2</sub>, sjå under forureining. av</p> <p>Påverknaden på det marine livet i fjorden er i hovudsak deponering av finstoff som er regulert av utsleppsløyve i medhald av forureiningslova der Statsforvaltaren er mynde.</p>
Vatn og vassdrag	<p>Det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing for vassmiljø av Asplan Viak dagsett 19.04.2022. Denne rapporten vurderer konsekvens for vassmiljø inklusiv hydrologi og vasslevande organismar for ei utviding av eksisterande uttaksområde på Norsk Stein. Det er bekk Indre Høyvik, bekk Ottøysundet og Slåttevassdraget som kan bli påverka. Alt avrenningsvatn innafor nytt uttaksområde skal reinsast og ledast mot eksisterande uttaksområde før det endar i sjøen. Det er oppgang av sjøaure i bekk Indre Høyvik og Slåttevassdraget og elvemusling i Slåttevassdraget. Elvemusling blir ikkje påverka av tiltaket. Samla vurdering av konsekvens for tiltaket er vurdert til noko-middels konsekvens.</p> <p>Det ligg og føre ei grovkartlegging av bekk ytre Høyvik (Jarle Lunde 13.05.2022). Det er stilt spørsmål om det er ein heilårsbekk, det er betydelege vandringshinder opp mot riksvegen, bekken er i stor grad lagt om etter 1972, prega av menneskeleg aktivitet; rør, kanalisering og periodar med blakking. Det blei ikkje observert fisk i bekken og generelt vil nok bekken vere vanskeleg for fiskevandring ved dei fleste vassføringar.</p> <p>Rapporten frå Asplan Viak baserer seg først og fremst på eksisterande kunnskap og kommunen meiner dette er tilstrekkeleg på eit overordna kommunepennivå, og så vil det blir vurdert om det er behov for ytterlegare feltarbeid/bonitering av området i samband med reguleringsplanprosessen.</p>
100-meters beltet	

Kulturminne/kulturlandskap	<p>Det ligg føre ei KU-vurdering frå Asplan Viak av 26.11.2019 som omtalar konsekvensane for kulturarv. Planområdet er delt inn i 4 delområde (kulturmiljø) som er vurdert kvar for seg med omsyn til verdi, påverknad og konsekvens.</p> <p>Innanfor utgreiingsområdet vil tiltaket gi ubetydeleg til noko negativ konsekvens for kulturmiljøa 2 Ytre Høyvik, 3 Indre Høyvik og 4 Ytre Jårvik. Her vil ikkje påverknaden endre seg vesentleg frå dagens situasjon. Tiltaket vil gi betydeleg skade for kulturmiljø 1- Romsbotn og Saga. Dette vert grunngeven i direkte konflikt med eldre ferdselsveg, samt større nærleik til og dominans frå tiltaket gjennom visuell påverknad og auka støy- og støvpåverknad.</p> <p>Kjente kulturminnelokalitetar som er freda etter kulturminnelova, blir ikkje råka av tiltaket.</p> <p>Delområdet der tiltaket kome i direkte konflikt med kulturminnelokalitetar, vege tyngst i samla vurdering. Samla sett gir tiltaket difor noko negativ konsekvens for kulturarv i utgreiingsområdet.</p>
Landskap	<p>Det er utarbeidd ein 3D-modell som dekker eit stort areal (kart). Frå modellen er det teke bilete frå utvalde innsynspunkt som viser dagens situasjon og korleis uttaksområdet vil utvikle seg i dei ulike etappane. Innsynspunkta er:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Junkervarden</li> <li>2. Hytteområde i Høyvik</li> <li>3. Marvik</li> <li>4. 4. grytenuten</li> <li>5. Helgafjellet</li> <li>6. Grønnevikholmane</li> <li>7. Husgavlen</li> </ol> <p>Det framtidige uttaksområde visast mest frå Grytenuten og frå Helgafjellet. Frå Junkervarden er tiltaket ikkje synleg. Frå de andre innsynstadane er det varierende eksponering frå noko eksponering til vesentleg eksponering. Samla sett meiner kommunen uttaksområdet er å sjå på som eit betydeleg landskapsinngrep i området.</p>
Mineralressursar	Ligg inne som mineralressurs i regional plan for byggeråstoff i Ryfylke.
Barn og unge	Området er lite brukt av barn og unge.

Friluftsliv og folkehelse	<p>Det ligg føre ei KU utarbeid av Asplan Viak dagsett 29.06.21 i høve til konsekvensar for friluftslivet i det aktuelle området. Konklusjonen er at tiltaket vil gripe inn i store deler av området og totalt forringe betydelege areal. Likevel er det ingen delområde som er vurdert å ha høg stor eller svært stor verdi. På bakgrunn av dei vurderingane som er gjort synes tiltaket samla sett å gi noko miljøskade.</p> <p>I tillegg må det leggest til grunn at spesielt landskapsinngrep og forureining i form av lys, støv og støy vil kunne verke negativt inn på folkehelsa til folk i influensområdet.</p>
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)	<p>Norsk Stein er hjørnesteinsbedrifta i Suldal kommune og utvidinga av uttaksområde vil vere med å sikre arbeidsplassar, busetjing, aktivitet og inntekter til kommunen også i framtida.</p>
Infrastruktur og trafikktryggleik	<p>Det skal etablerast ein anleggsveg som er konfliktfull i høve til naturtypekartlegginga og landskapet.</p>
ROS	<p>Aktsemdområde jord og flaumskred, snøskred og steinsprang. ROS-analyse er gjennomført.</p>
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)	<p><u>Støy</u>: Norsk Stein As har i dag utsleppsløyve dagsett 25.10.2012 som setter grenser for støy til omgivnaden. Brekke og Strand har utarbeidd ein støyrapport, sist revidert 30.06.2021. Berekingane av støy frå verksemda i uttaksområdet er gjennomført for 3 ulike situasjonar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>A. Fase 1-5 år etter oppstart</li> <li>B. Fase 2-10 år etter oppstart</li> <li>C. Fase 3-30 år etter oppstart</li> </ul> <p>Støyberekningane er utført i samsvar med Nordisk berekningsmetode for industristøy og viser støysonkart med støysoner innanfor ulike nivå- mindre enn 45 dB, 45-49 dB, 50-54 dB.</p> <p>Grunnlaget for støyberekningane er ein driftssituasjon for uttak av 12 mill. tonn stein pr år. Det er utarbeidd støysonkart for dei 3 første etappane. Det er dei første 30 åra av driftsperioden. Støykarta viser at det ei viss utfordring knyta til naboskap i vest (hytteområde) i 1.etappe (5 års tidsrom) og det er primært knyta til drifta i helger. Dette kan løysast ved at avdekking, boring og opplasting vert flytta lenger mot aust på sommarhalvåret og at driftstid for nokre arbeids operasjonar på</p>

einskilde områder, vert tilpassa. I tillegg vert det vurdert andre lokale skjermingstiltak ved behov.

Av støykarta går det fram at «støyteppet» i etappe 2 og 3 vert redusert fordi meir av drifta vil gå føre seg på eit lågare nivå enn det brotkanten har. Utstrekninga av «støyteppet» utanfor brotkanten vil bli redusert etter kvart som driftsnivåa blir liggjande lågare og lågare i dagbrotet.

Støv: Uttaksområdet er stort og måling vil bli av støv vil vere ein dynamisk prosess som vare i heile driftsperioden. Det vil bli satt opp målestasjonar i samråd med naboar og Statsforvaltaren. Målingar vil bli utført i samsvar med målemetode angitt i forureiningsforskrifta kap 30. Støvdempande tiltak vil inngå i normal drift, som i dagens brot. Uavhengig av støvmålingar vil støvdempande tiltak alltid vere viktig for å ivareta omsynet til naboar, omkringliggjande natur og arbeidsmiljø.

Avrenning frå uttaksområdet: Etter kvart i drifta vil uttaksområdet auke i storleik og sedimentbasseng skal etablerast. Frå dei høgast liggjande driftsområda (driftsnivåa) skal vatnet førast frå sedimenteringsbasseng via grøft langs tilkomstveg, og frå de lågare driftsområda gjennom tunnel ned til dagens uttaksområde og vidare til Sandsfjorden. Avrenning skal ikkje skje til Økstrafjorden.

Deponering av overskotsmassar i Sandsfjorden: Det sett grenseverdiar for utslepp til fjorden etter forureiningslova gjennom utsleppsløyve som Statsforvaltaren er mynde på. Dette blir kontinuerleg overvaka og ny vurdering av påverknaden i fjorden på korallar og anna skal skje i 2023.

Utslepp av klimagass:

Klimagassutsleppa vil vere knyta dels til opparbeiding av det nye uttaksområde (i ein investeringsfase) og utslepp knyta til normal drift (driftsfase).

Det nye uttaksområdet er forholdsvis stort ( om lag 2800 da)og det vil krevje ein betydeleg innsats av maskinar ol for å fjerne vegetasjon, jord mm og mellom lagre dette i eigna deponi.

	<p>Estimert klimagassutslepp for dette er nærare 34 000 tonn CO2 ekvivalentar.</p> <p>Norsk Stein produsere om lag 12 millionar tonn steinprodukt i dag, med eit tilsvarande klimagassutslepp på omlag 20 000 tonn CO2 ekvivalentar. Eit liknande volum er føresett dersom drifta blir vidareført i det nye uttaksområdet. Dette betyr at klimagassutsleppa knyta til å legge til rette for det nye området, grovt sett dei same utsleppa som det drifta av dagens anlegg gjer over 1,5-2 års periode.</p> <p>Utslepp frå skipstransport representere eit årleg klimagassutslepp på 52200 tonn CO2 ekvivalentar.</p> <p>Det er sannsynleg at utslepp av CO2 vil endre seg vesentleg i framtida sett i lys av tiltakets lange levetid. Dømer på dette kan vere elektrifisering av anleggsmaskinar og båttransport samt bruk av hydrogen som energikjelde.</p> <p>I innspel om nytt uttaksområde finn ein 4 myrområde. Til saman er desse om lag 38 daa. Myr er viktig karbonlager som vil gå tapt med ei utviding. I følgje Miljødirektoratet sine verktøy for arealbruksendringar vil dette føre til eit tap av til saman 2225 tonn CO2 ekvivalentar dei neste 20 åra. Om lag halvparten av arealet inneheld og høgbonitet skog som vil grovt estimert gi tap av CO2 lagring på 65 870 CO2 ekvivalentar dei neste 20 åra.</p> <p>Kommunen meiner at samla forureining frå det nye uttaksområde i vesentleg grad er konfliktylt.</p>
Samla vurdering	<p>Norsk Stein er i dag den største private arbeidsplassen og ein hjørnesteinsbedrift i Suldal kommune med totalt 280 arbeidsplassar på Berakvam. Årleg lokalt innkjøpte varer- og tenester er på over 100 millionar kroner. Den ønska utvidinga vil danne grunnlag for at årsproduksjonen kan doblast frå 12-24 mill tonn. Det vil medføre eit behov for å auke talet arbeidsplassar med minst 100 tilsette.</p> <p>Samfunnsnyttan er med andre ord svært stor både lokalt, regionalt og også nasjonalt. Dette må</p>


	<p>avvegast konkret mot dei ulempene nytt uttaksområde vil medføre.</p> <p>Når det gjelde storleiken på uttaksområde, så er kommunen opptatt av det føreseielege og langsiktige knytt til investeringar, uttak og opprydding. Kommunen viser til at Norsk Stein ynskjer å doble uttaket frå 10-12 tonn i året til 24 tonn. Då er det snakk om ein tidshorisont på 50-60 år. I tillegg er det slik at ei mogleg samlokalisering med Windworks Jelsa, gjer at behovet for eit nytt uttaksområde kan auke, då ein ikkje får utnytta eksisterande uttaksområde fullt ut.</p> <p>I høve til naturmangfaldet på land så er nytt uttaksområde vurdert å få store negative konsekvensar. Samstundes viser rapporten frå Asplan Viak også at av 15 registrerte naturtypar i området så er 7 vurdert å ikkje bli direkte råka av tiltaket, herunder den mest verdifulle lokaliteten Saga- lia (Svært stor verdi).</p> <p>Utslepp av støy, støv og anna forureining frå verksemda skal vere i samsvar med utsleppsløyve fastsett av Statsforvaltaren.</p> <p>I høve til støyproblematikk og til dels støv, er kommunen kjent med at det over lengre tid er klager på dette, både på andre sida av fjorden og spesielt på vestsida av uttaksområdet, i Høyviksområdet. Kommunen har forståing for at dette kan opplevast konfliktfylt, spesielt i eit folkehelseperspektiv. Likevel meiner kommunen at gode avbøtande tiltak i det nye uttaksområdet i stor grad vil kunne betre situasjonen slik at ein held seg innanfor dei grenseverdiane som følgjer av forureiningslova m/forskrifter.</p> <p>Sandsfjorden er ein nasjonal laksefjord og eit viktig leveområde for marine dyr og planter, herunder korallar. For kommunen er det viktig å ta vare på desse verdiane for framtida. Deponering av overskotsmassar/avrenning frå uttaksområde må difor ligge innafor tolegrensa til fjordsystemet. Kommunen har motteke rapport og bilete frå dykkarar som syner meir nedslamming av einskilde stadar i fjorden samanlikna med tidlegare. Kommunen legg til grunn at det blir fastsett grenseverdiar i utsleppsløyve med bakgrunn i kontinuerlege undersøkingar av fjordmiljøet for å unngå at</p>
--	---

	<p>fjorden blir overbelasta. Viktig at det i denne samanheng også blir arbeida med å redusere volumet på overskotsmassar og finstoff samt vurdere også alternativ deponering. Dette vil bli tema i reguleringsplanarbeidet.</p> <p>Det er vidare naturleg at reduksjon av klimagassutslepp ved til dømes bruk av alternative energikjelder må greiast ut i samband med reguleringsplan/driftsplan</p> <p>Kommunen meiner at det må leggast stor vekt på at Norsk Stein er ein hjørnesteinsbedrift i kommunen og den betydelege samfunnsverdien som ligger i etablering av eit nytt uttaksområde for stein som vil sikre arbeidsplassar, busetjing, aktivitet og inntekter til kommunen også i framtida. Utifrå konsekvensutgreiinga er det ingen tvil om at også ulempene knyta til nytt uttaksområde er betydelege, spesielt med tanke på konsekvensar for naturmangfald, landskap og forureining.</p> <p>Samla sett vurderer kommunen det slik at fordelane med planinnspelet er større enn ulempene og at gode avbøtande tiltak gjer at det ligg innafor det som kan akseptast.</p> <p>Kommunen vil justere grensene for planområdet noko slik at det ligg om lag 100 meter frå Slåttåvassdraget i søraust og at eit større myrkompleks i nærleiken av plangrense i nord (Verdalstjørna), vert teken ut. Myr er verdifullt både som leveområde for artar og i klimasamanheng. Slåttåvassdraget er eit samanhengande verdifullt vassdrag som det er viktige å påverke minst mogleg.</p> <p>Nullalternativet er dagens drift etter driftsplan og gjeldande reguleringsplan. Tidsperspektiv er da på om lag 15 år fortsett drift på Norsk Stein.</p> <p>I høve til alternativ plassering er det i regional for byggeråstoff i Ryfylke peika på fleire andre områder i kommunen med god steinkvalitet. Men utviding av eksisterande uttak har store fordeler i høve til å gå inn i nye områder, knyta til opparbeiding, infrastruktur m.m. Kommunen har også vurdert å redusere/halvere området for nytt uttaksområde. Da kan restarealet blir sett av til omsynssone råstoffutvinning og endeleg avgjerd om arealbruk</p>
--	---




	<p>kan bli tatt i seinare kommuneplanprosessar. Kommunen meiner det likevel er hensiktsmessig å ta inn mesteparten av planinnspelet inn i kommuneplanen som område for råstoffutvinning. Dette for å få ei heilskapleg planlegging og samla vurdering av arealbruken i området.</p>
Tilråding	<p>Kommunen tar justert innspel med seg inn i kommuneplanen. Det vil her bli sett krav om reguleringsplan før utbygging skal skje. Moment til føresegner/retningsliner for utarbeiding av reguleringsplan for nytt uttaksområde for stein på Berakvam:</p> <p>Uttaket må gjennomførast slik at uttaksområdet er mest mogleg skjerma for omgivnaden. Krav om etappevis utbygging som startar opp i sør aust og vert utvida langs austleg side mot nordaust i fleire etappar. Dette for å avgrense innsyn og støy for fritidsbustader og fastbuande (særleg vest for uttaksområdet) ved at drifta føregår i bakkant av ein brotkant og for det meste på et mye lågare nivå enn brotkanten.</p> <p>Det må også etablerast fleire støy og vegetasjon skjermar i området og om mogleg la naturlege terrengformer (åsrygger)skjerme mot innsyn og vern mot støy og støv.</p> <p>Nye terrengformar bør ikkje skilje seg ut ifrå dei naturlege i området og silhuettlina bør tilpassast det som er naturleg på staden.</p> <p>Justering av trase og utforming av tilkomstveg skal vurderast for mest mogleg landskapstilpassing og for å redusere konfliktnivået i høve til registrerte naturtypar.</p> <p>All restavrenning, det som ikkje blir sedimentert på land, skal skje mot Sandsfjorden og ikkje Økstrafjorden.</p> <p>For å redusere behovet for deponering bør volumet av overskotsmassar avgrensast. Det må vurderast om reine overskotsmassar kan tilbakeførast til ferdig utdrevne områder i dagbrotet.</p> <p>Behov for ytterlegare utgreiingar i høve til reguleringsplan:</p>

1. Ved behov: Bonitering/feltarbeid i høve til konsekvensar for vassmiljøet
2. Undersøkingar/feltarbeid i høve til konsekvensar for det marine livet i fjorden.
3. Nærare vurdering av trase og utforming av anleggsvegen med fokus på alternativ/avbøtande tiltak i høve til landskap og naturtypar.
4. Utgreiing av bruk av alternative energikjelder for å redusere klimagassutsleppa.



## 16 Berakvam-Jelsa - kaiområde

Berakvam, Jelsa - kaiområde	
<b>Forslagsstillar</b>	Norsk Stein AS
<b>Gnr/Bnr</b>	136/1 og 136/5
<b>Dagens arealbruk</b>	I nordleg del av tiltaksområde er det steinuttaksområde medrekna områder for transport, knusing, sortering og utskipping, samt fylkesvegen som går gjennom området. Det er utskipping frå kommunal tømmerkai. Mot sør er området fjell med eit tynt vegetasjonssjikt og spreidde skog/trær. Del dyrka mark er svært liten. Næraste bustad/gardshus ligger om lag 360 m sør for dagens område, men utviding vil føre med seg at avstanden blir redusert.
<b>Gjeldande planar</b>	Ein mindre del av tiltaksområdet i nord ligg innanfor gjeldande reguleringsplan for Berakvam sett av til industri, kaier og trafikkområde i sjø, vist som eksisterande industriområde i kommuneplanen. Resten av landarealet mot sør er vist som LNF-område i gjeldande kommuneplan. I tillegg er sjøarealet vist med omsynssone laksefjord.
<p><b>Innspel, framlegg til føremål:</b></p> <p>Føremålet med innspelet er å legge til rette for bygging av to nye kaier, ein tømmerkai og ein utskipingskai for stein som tek utgangspunkt i nes/fylling i eksisterande reguleringsplan. Kaiene skal byggjast på fylling vest og sørvest på Tjørnanesgrunnen, ca 120 meter ut i sjøen. Vidare er føremålet å utvide eksisterande industriområde sørover slik at området på land bak dei nye kaiane, blir industriområde.</p> <p>Den eine kaia er ei ny tømmerkai med djupne 8 m. Tømmerkaia er lagt slik for at Norsk Stein skal kunne etablere ei lastekai nr. 3 for utskipping av stein. Lastekaia må ha djupne 15 m og ha fri kailinje på ca 300 m, og kunne brukast av fartøy opp til minst 70 000 tonn.</p> <p>Masse frå utsprenginga av nytt industriområde bak kaiane skal brukast til utfylling for bygging av kaiane og av området bak kaiane.</p> <p>Det skal lagast ny tilkomstveg frå FV 517 og ned til ny tømmerkai i sørenden av nytt område.</p> <p>Det skal etablerast ein voll i ein buffersone i sørenden av området for å dempe støy frå kaiane og industriområdet.</p> <p>Samla areal som kan inngå i planen utgjer ca 35 daa på land og ca 70 daa i sjø.</p>	



### Konsekvensvurdering

Landbruk		Delen av dyrka mark er svært liten og ligg mot sør, dvs søraust for Tjørnaneset.
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		<p>Registrert stor tareskog førekomst Giljanese-Midsund som overlappar med eit gyteområde for torsk , og som dermed får verdi A. I tillegg ligger i eit bølgebeskytta område, som har potensiale for førekomst av sukkertareskog.</p> <p>Norconsult har utført kartlegging av grunne sjøbotnhabitat utanfor Berekvam, med hovudføre mål å stadfeste/avkrete stortareregistreringa i Naturbase. Kartlegginga blei utført ved videofilming vha. ROV.</p> <p>I h.h.t rapport av 29.06.2021 blei det konkludert med at ingen av dei tareartane blei observert å vere dominerande i tiltaksområdet. Det som er registrert av tare i tiltaksområdet kan ikkje definerast som tareskogførekomst.</p> <p>Sandsfjorden er registrert som nasjonal laksefjord.</p>

		Ingen spesielle registreringar i høve til landarealet som inngår i tiltaksområdet.  Tiltaket føre med seg tap av naturmangfald i området og er såleis svært konfliktfylt.
Vatn og vassdrag		Økologisk tilstand i ytre Sandsfjorden er svært god ifølge vann-nett.
100-meters beltet		Svært konfliktfylt i høve til strandsonenevnet med betydelege inngrep.
Kulturminne/kulturlandskap		Kulturminnebasen viser at det ligg 2 fornminne på vestsida av fv 715 mot sjøen. Fornminnet som ligger lengst i nord vil kome i konflikt med tiltaket. I samband med reguleringsplan må verdien av kulturminnet samt søknad om frigjeving vurderast.
Landskap		Store inngrep i sjø og på land som vil vere svært konfliktfylt i høve til landskapsbilete.
Mineralressursar		Deler av tiltaket, landareala opp til fylkesvegen og lia bak ligger innanfor ressursområde kartlagt av NGU. Området ligg i ytterkant av område som er rekna som ein viktig internasjonal pukk og grus førekomst. Steinmassane som takast ut er tenkt nytta til utfylling i sjø for etablering av nytt kaiområde. Det er berekna å ta ut ca. 250 000 tonn stein, hovudsakleg overflatestein av låg kvalitet.
Barn og unge		Lite brukt området av barn og unge.
Friluftsliv og folkehelse		Området er lite brukt i friluftssamanheng. Negativt for folkehelsa, spesielt i høve til auka ulempe frå støy.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Vil har stor betydning for etablering av arbeidsplassar, utvikling, busetjing og aktivitet i kommunen
Infrastruktur og trafikktryggleik		Ny tilkomstveg til fv 517 vil føre til noko auka anleggstrafikk, men samanlikna med eksisterande trafikk til/frå Norsk Stein sitt område vurderer ein det ikkje slik at aukinga vil få noko trafikktryggleiks-konsekvensar.
ROS		Marin grense. Spesiell aktsemd knytt til utfylling i sjø. Geoteknisk undersøking ligg føre. (Multiconsult 12.04.2021)

Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)

Støy: Støy frå tømmerkai er i rapport frå Brekke&Strand sist rev. 30.11.2021 vurdert opp mot krav til hamner og terminalar som er gitt i T.1442:2016. For aktivitetar knyta til Norsk Stein er grenseverdiane i verksemda sitt utsleppsløyve lagt til grunn for vurderingane. Berekningane viser at etableringa av ny kai vil gi auka støynivå til omgivnaden på Berakvam og på motsett side av Sandsfjorden.

Lasting av finmassar på ny kai vil vere over krav på søndagar ved Berakvam. For 1 bustad vil nivået også vere over krav på laurdagar dersom det samstundes er lasting av finmassar elle offshoremassar på eksisterande kaier. Vidare er støynivået over krav både laurdagar og søndagar på motsett side av Sandsfjorden. Dette er lik dagens situasjon ved lasting av finstein på eksisterande kaier.

I tillegg til auka støynivå kan utvidinga av kaier og industriområde føre til at tal døgn med dei høgaste støynivåa, vil auke.

Lasting av tømmer vil ikkje vere omfatta av Norsk Steins sitt utsleppsløyve dersom det skjer i regi av andre verksemder. Berekningane viser at støynivå frå lasting av tømmer vil vere innanfor krav til hamner og terminalar som går fram av T-1442:2001.


Støv: Måling av støv er ein dynamisk prosess som vare i heile driftsperioden. Målingar vil bli utført i samsvar med målemetode angitt i forureiningsforskrifta kap 30. Støvdempande tiltak vil inngå i normal drift, som i dagens brot. Uavhengig av støvmålingar vil støvdempande tiltak alltid vere viktig for å ivareta omsynet til naboar, omkringliggjande natur og arbeidsmiljø.

<p>Samla vurdering</p>	<p>Bakgrunnen for ny tømmerkai er eit ynskje om at dagens tømmerkai vert flytta og erstatta. Kommunen har ein avtale med AT skog med ein tidsperiode på 40 år som går ut om nokre år. Suldal kommune arbeide med støtte til ny tømmerkai for framtidig nytte og transport av skogressursane i kommune og regionen. I skriv av 30.04.2020 er Fylkesmannen positiv til initiativet for å sikre at skogeigarane og skogbruket får ei framtidretta tømmerkai/fleirbrukskai på Berakvam i Suldal.</p> <p>Norsk Stein AS produsere 12 millionar tonn stein i året, og kaiane set grenser for auka produksjon. Dette må sjåast i samanheng med innspel om nytt uttaksområde og at ein difor ønskjer å legge til rette for ytterlegare kaikapasitet. Samstundes ynskje ein at det vert lagt til rette for framtidig utfylling og utviding av industriareal mellom kaiane.</p> <p>Etter ei grundig vurdering av moglege stader for å plassere ei ny tømmerkai og ei lastekai nr. 3 ved Berekvam industriområde, har ein kome fram til plassering som er lagt til grunn for innspelet her, i praksis er det einaste alternativ. Dette må og sjåast i samanheng med etablering av Wind-Works Jelsa som vil legge beslag på områder nord i gjeldande reguleringsplan for Berekvam.</p> <p>Kommunen viser til KU der spesielt naturmangfald, landskap og forureining peikar seg ut som sentrale konfliktområde. Dette må vurderast opp i mot samfunnsnyttan tiltaket har.</p> <p>Kommunen meiner samfunnsnyttan er svært stor her, gjennom både behovet ny tømmerkai og å legge til rette for Norsk Stein der nytt uttaksområde vil utløyse behov for nye kaianlegg og lagringsplass. Det dreier seg om auka aktivitet, arbeidsplassar, busetnad og</p>
------------------------	--

	<p>inntekter for Suldal kommune for framtida.</p> <p>Sjølv om landskapsinngrepet er stort, viser kommunen til at området er ei utviding av eksisterande drift, der deler av tiltaksområdet allereie er sterkt påverka av industri. Dette vil også påverke korleis ein ser på endringa i landskapsbilete samanlikna med om området frå før av til dømes var prega av lite tekniske inngrep.</p> <p>Tiltaket vil gi tap av naturmangfald, men bortsett frå tareskogførekomst/gyteområde i sjø er det ikkje spesielle registreringar av naturmangfald innanfor tiltaksområdet. Tareskogførekomsten er også sterkt redusert i h.t.t rapport.</p> <p>I høve til støy viser berekningane at etablering av ny kai vil gi auka støynivå til omgivnaden på Berakvam og på motsett side av Sandsfjorden. Ulempene frå støy vil auke i området og det er uheldig utifrå eit folkehelseperspektiv. Samstundes vil driftstilpassingar og avbøtande tiltak som støyvoll mot sør føre til at støynivået frå kaier og industriområde vil ligge innafor dagens krav til verksemda i gjeldande utsleppsløyve. Berekningane viser og at støynivå frå lasting av tømmer vil vere innanfor krav til hamner og terminalar som går fram av T-1442:2001.</p> <p>Samla sett meiner kommunen at fordelane med tiltaket overstig ulempene og med gode avbøtande tiltak vil det ligge innanfor det akseptable.</p> <p>Nullalternativet vil sei at forholda blir som i dag, der eksisterande kaianlegg og tømmerkai i gjeldande reguleringsplan for Berakvam må nyttast og området med LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan blir vidareført.</p>
--	--




	<p>Alternativ plassering for ny kai vil vere nord i området i gjeldande reguleringsplan. Så lenge ein planlegg for Winworks Jelsa vil ikkje dette arealet vere tilgjengeleg. Utan denne etableringa blir fortsett området i sør vurdert som betre egna.</p>
<p>Tilråding</p>	<p>Kommunen tar innspelet med seg inn i kommuneplanen. Støyvoll mot sør skal leggest inn som ein omsynssone i kommuneplanen. Også omsynssone støy skal inn i kommuneplanen. Krav om reguleringsplan før utbygging skal skje.</p> <p>Krav om utgreiing i reguleringsplan:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Stabilitetsforhold knyta til utfylling i sjø.</li> <li>2. Vurdere fleir avbøtande tiltak som skjermar/vollar for å redusere støy og landskapsverknad.</li> <li>3. Vurdere verdien av fornminne på land og søknad om frigiving. Vurdere moglegheit for marine kulturminne.</li> </ol>



## 20 Indre Åsarøy – Sauaskolten – Råstoffutvinning- næring

Indre Åsarøy	
<b>Forslagsstillar</b>	Svein Helge Einarsen
<b>Gnr/Bnr</b>	130/1
<b>Dagens arealbruk</b>	Skogsområder og hyttefelt samt strandsone
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-føremål i gjeldande kommuneplan med omsynssone råstoffutvinning.
<b>Innspel, framlegg til føremål:</b> Sven Helge Einarsen vil omregulere eit område kalt Sauaskolten på Indre Åsarøy til mineralutvinning og industri (område 20-1) I tillegg vil han satse på turisme og komme med framlegg om fortetting av eksisterande hytteområde, nytt hytteområde samt naust og kaiområde med veg (område 20-2)  I det følgjande vil framlegget til området for mineralutvinning og industri bli vurdert (område 20-1). Ein viser og til vedlagt KU for Sauaskolten dagsett 31.08.2021 utarbeidd av Rambøll på vegne av tiltakshavar.  Regional plan for byggeråstoff i Ryfylke gir eit oversyn over sand/grus- og pukkressursar i Ryfylke. I Suldal ligg 6 pukkførekomstlar som er vurdert og Sauaskolten et av desse. Om førekomsten er det opplyst i planen at bergarten i området er tolka som granitt (grunnfjell). Området strekker seg fra ca 150 moh. og opptil 250 moh. med bratt terreng ned mot sjøen. Det er ingen bygningar i området omkring. Avstand til nærast bygningar er ca 1 km.  Tiltaksområdet er ca 1 km <sup>2</sup> stort og er avgrensa i nord ved fylkesveg 46 som også er nasjonal turistveg. Det er planlagt at pukkverket skal ha tilkomst frå Fylkesveg 46. Mellom fylkesvegen og tiltaksområdet er det planlagt ei buffersone på ca 25 meter. Dette for å unngå innsyn frå den nasjonale turistvegen Indre Ryfylkevegen.  I sør er tiltaksområdet avgrensa mot Sandsfjorden. Her er det lagt inn ein buffer ned mot fjorden for å redusere eksponeringa av anlegget. I vest er tiltaksområdet avgrensa med ein buffersone mot elva Løkjen og for å redusere eksponeringa ned mot Indre Åsarøy. I aust grenser tiltaksområdet mot området Ara.  Pukkverket blir utforma som eit dagbrot, der sjølve brotet blir lokalisert på høgaste punkt på området. Knusarar blir plassar på definert industriområdet. Pallehøgde vil variera mellom 10 og 15 meter. Ved pallehøgde på 12 meter skal hyllebreidda vere 12 meter. Øvste palle blir liggjande på om lag 176 m over havet. Det er ikkje avklart om det blir etablert veg, tunnel eller transportband mellom industriområde og hamn. Det er heller ikkje vist korleis ein tenkjer utbygga av hamneområdet ved sjøen. Deponering av overskotsmassar er heller ikkje omtalt.	



**Konsekvensvurdering**

Landbruk

Ingen spesielle registreringar i området.

Naturmangfald (herunder økosystemtenester)

Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning (FINK-Rogaland fylkeskommune) viser tiltaksområde som ein større del av eit samanhengande naturområde.

Rambøll sin feltkartlegging i deler av området viser ein stor variasjon av vegetasjon og naturtypar. Her finnes myrområde som er viktig leveområde for ulike arter, men som også er ein økosystemteneste i form av lagring av Co2. Elles er området prega av blandingskog med furu, bjørk og innslag av edellauvskog som lind, hassel og også eik og alm. Det er også rester av gammalt kulturlandskap, spesielt ved Ara med til dømes eldre styingstre. Eit karaktertrekk ved skogsområda er at dei har preg som naturskog/gammalskog med mye daud ved og nedfall som danner nøkkelbiotopar for mellom anna spettefuglar, vedbuande sopp, lav og insekt. Omsynskrevjande arter som storfugl, hønehauk, vandrefalk, hubro, musvåk og kvitryggspett er mellom artane som er observert her.

	<p>Vest for tiltaksområdet blei det i 2004 registrert ein naturtypelokalitet med bekkeløft og bergvegg vurdert som svært viktig (A-lokalitet, nasjonalt viktig).</p> <p>I høve til marint naturmangfald så grense tiltaksområdet til Sandsfjorden som er ein nasjonal laksefjord der laksebestandane skal ha ei særskilt vern mot inngrep og aktivitetar i fjordområda. Både smolt og vaksen laks frå mellomanna Suldalslågen har vandringsruta si her. Samstundes er det her også registrert lokalt viktige gytefelt for torsk. Arasundet ligg mellom det planlagde pukkverket og Nevøy. På Nevøy har vi Øyane naturreservat som er eit skogvern-område som vil ligge ca 400 meter unna pukkverket. Arasundet ligg i nærleiken av terskelen til fjorden og her er fjorden på det smalaste. Her har vi straumrikt frisk vatn som danne grunnlag for eit rikt artsmangfald både over og under vassflata. Både havørn og fiskeørn er regelmessig observert her og hekker sannsynlegvis i området. Dette er også vinterkvarteret til tusenvis av ærfugl som beiter på blåskjel som har gode levevilkår her inne. Vidare er det regelmessige observasjonar av nise, sel, spekkhoggarar, knoppsvaner og fiskemåker i dette området.</p> <p>I sjøen på sørsida av tiltaksområde er det vidare registrert førekomst av tareskog som er vurdert til svært viktig (A). Dette for den ligger beskytta til og har potensiale for førekomst av sukkertareskog, som generelt er vurdert til å vere sterkt trua. I tillegg ligg førekomsten nær eit viktig gytefelt for torsk.</p> <p>Mot sørvest er det registrert ein viktig tareskogførekomst (B) ved Indre Åsarøy.</p> <p>Ifølge vann-nett grense tiltaksområde både til Kalvikhavet som har svært god økologisk tilstand og Sandsfjorden som har god økologisk tilstand.</p> <p>Kommunen meiner samla sett at området har svært høg verdi i høve til naturmangfald og at eit pukkverk her vil vere svært konfliktfylt i høve til desse verdiane.</p>
Vatn og vassdrag	Vest for tiltaksområdet blei det i 2004 registrert ei naturtypelokalitet med

		<p>bekkekløft og bergvegg vurdert som svært viktig (A-lokalitet, nasjonalt viktig). Konfliktfylt i høve til Løkjnelva og biotopen. «Suldalskjelda» vil sannsynlegvis bli negativt påverka eller forsvinne heilt.</p>
100-meters beltet		<p>Store kaianlegg som medføre betydeleg konflikt med strandsonenevnet.</p>
Kulturminne/kulturlandskap		<p>Ingen registrerte kulturminne som blir påverka innanfor sjølve tiltaksområdet. Men på Ara som ligg aust for tiltaksområdet er det rester etter gamle bygningar, tekniske anlegg og eldre kulturlandskap i form av til dømes styvingstre. Området er omtalt i kulturminneplan for Suldal. Av andre kulturminne/attraksjonar i området som vil bli påverka av tiltaket er Suldalskjelda (kjent sidan 1600-talet der skip kunne fylle på ferskvasstønner inntil berget), Ja-steinen ( i Arasundet frieri), Salthedla (Arasundet, salting av fisk) og litt lenger inne; skysstasjon i Midtvik.</p> <p>Vidare er det fleire SEFRAK-registrerte bygningar i influensområdet (i hovudsak Indre Åsarøy mot sørvest) som vil bli påverka av tiltaket.</p> <p>I fylkesdelplan for kystsona (2002) ligg området inne som eit område med høgt potensial for marine kulturminne. Det kan nemnast at det i samband med anleggsarbeidet for Sandsfjord bru, blei funne eit skipsvrak ved Åsarøyholmen</p>
Landskap		<p>I eit heilt urørt naturområde vil heile Sauaskolten bli fjerna og ein legg opp til betydelege inngrep med kaianlegg nede ved sjøen. Opplevinga av nasjonal turistveg vil også heilt klart bli svekka ved tiltaket. Samla sett er tiltaket svært konfliktfylt i høve til landskapsbilete i området.</p>
Mineralressursar		<p>Ligg inne som mineralressurs i regional plan for byggeråstoff i Ryfylke.</p>
Barn og unge		<p>Området er lite brukt av barn og unge..</p>
Friluftsliv og folkehelse		<p>Vanskeleg tilgjengeleg område som er prega av bratte og uframkomelege part. Registrert ein traktorsti som går opp til Ara. Skal vere gjengrodd. Aktiviteten som vil gå føre seg ved sjøen gjennom utbygging av store kaianlegg og auka skipstrafikk vil heilt klart påverke ålmenta sitt friluftsliv og rekreasjon i</p>

		området negativt. Særleg vil landskapsinngrep og forureining i form av lys, støv og støy kunne verke inn på folkehelsa til folk i området.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Kommunen ser fordelene med at pukkverket kan gi arbeidsplassar i området, ca 30 på sikt. Samtidig vil området med sine kvalitetar i høve til reiseliv, bli sterkt redusert.
Infrastruktur og trafikktryggleik		Registrert hovudleid/bileid med mye trafikk av større skip i smale og straumrike farvatn. Her må også større skip gjere vendereis på grunn av sterke kastevindar. Stort konfliktnivå.
ROS		Aktsemdområde for jord, flaum, snøskred og spesielt steinsprang. Marin grense.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		<p>I høve til støy så viser støysonekartet som Rambøll har utarbeidd etter T 1442 at ingen bygningar vil bli liggande i gul støysone (45-55 db) eller i raud støysone (&gt;55 db). Det ligg derimot ikkje føre i rapporten frå Rambøll berekning av støy i høve til utskipingskaia nede ved sjøen. I tillegg er det slik at lyden bere spesielt langt mellom bratte fjordsider og over stille vatn. Det betyr at mange av hyttene på Indre Åsarøy og ellers i området som ligg om lag 900 meter frå tiltaket, vil merke støyen svært godt. Dette vil og blir merkbar i kommunesenteret på Sand, i underkant av 7 km unna. Det kan nemnast at Statsforvaltaren i Rogaland handsame ei sak på Talgje i Strand kommune der fastbuande og hytteeigarar klage på støyen frå Norsk Stein sitt anlegg i Nordmarka, vel 4 km unna.</p> <p>Bruk av lys er ikkje omtalt i rapporten frå Rambøll, men vil og i høg grad påverke omgivnaden negativt.</p> <p>Når det gjelde utslepp av støv til luft frå pukkverket, er det fleire avbøtande tiltak ein kan gjere for å redusere omfanget. Likevel vil det erfaringsmessig vere ei negativ påverknad på omgivnaden.</p> <p>Deponering av finstoff er det sagt lite om i rapporten frå Rambøll. Dersom det skal deponerast i fjorden, vil det vere ei betydeleg meirbelastning for fjordsystemet.</p>

		<p>I tillegg vil avrenning både i forhold til vassdrag og grunnvatn vere ei forureiningskjelde i området.</p> <p>Totalt klimagassutslepp for arealbruksendringar for heile tiltaksområdet er berekna til ca 28 000 tonn CO2-ekv. Til samanlikning var klimagassutsleppet til Suldal kommune ca 40 000 tonn CO2-ekv i 2019.</p>
Samla vurdering		<p>Kommunen legg spesiell vekt på at dette er eit samanhengande naturområde utan teknisk inngrep i indre fjordstrok. Området har store natur- og landskapskvalitetar både på land og langs og i sjøen. Eit pukkverk i dette området vurderer ein som svært konfliktfylt i høve til desse interessene. Ved å opne opp eit heilt nytt område her vil ein også få betydelege utfordringar knyta til forureining og skipstransport i det smale og straumrike sundet. Kommunen ser dei samfunnsmessige fordelane knyta til arbeidsplassar og næringsutvikling når det gjelde etablering av eit pukkverk. Men dette vil også fortrenge det store reivelivspotensialet som ligg i dette området. Samstundes har vi også Nord-Europas største pukkverk eit steinkast lenger ute i fjorden som også ønskjer ei betydeleg utviding av drifta. Til dette kjem også ei mogleg etablering av Windwork Jelsa i det same området.</p> <p>Kommunen meiner samla sett at områdets store natur- og landskapsverdiar gjer det uforenleg med etablering av pukkverk her. I tillegg legg kommunen vekt på at den samla miljøbelastninga på Sandsfjord-systemet tilseie at ein ikkje kan etablere eit nytt pukkverk i dette området.</p> <p>Nullalternativet er slik området står fram i dag, utan noko form for inngrep utover det som allereie eksisterer i området.</p>
Tilråding		Kommunen tar ikkje innspillet med seg inn i kommuneplanen.



## 20 Indre Åsarøy – fritidsbustader – naust - kaiområde

Indre Åsarøy	
<b>Forslagsstillar</b>	Svein helge Einarsen
<b>Gnr/Bnr</b>	130/1
<b>Dagens arealbruk</b>	Skog, hyttefelt og gardstun
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-område i gjeldande kommuneplan samt reguleringsplan for Åserøddalen (1997) og Indre Åserød (1984)

### Innspel, framlegg til føremål:

Vil satse på turisme og kome med framlegg om fortetting av eksisterande hytteområde, nytt hytteområde samt naust og kaiområde med veg.

Fortetting av eksisterande hyttefelt er tenkt rundt gardstunet på Indre Åserød og saman med framlegg om naust, vegtilkomst til sjø og kai ligg dette innanfor planområdet til eksisterande reguleringsplan for Indre Åserød. Dette må handsamast som ei endring av eksisterande reguleringsplan og blir ikkje vurdert her.


I området 20-2 på Slettå ynskje Einarsen eit hyttefelt som vil bli gjenstand for vurdering i det følgjande.



### Konsekvensvurdering

Landbruk	■	
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	■	Ingen spesielle registreringar
Vatn og vassdrag	■	
100-meters beltet	■	Trekt attende frå sjøen ca 500 m.
Kulturminne/kulturlandskap	■	
Landskap	■	Vil påverke landskapsbilete i området.
Mineralressursar	■	
Barn og unge	■	


Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Positivt med reiselivssatsing.
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		Aktsemd mot snø og steinsprang
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Utfordringar knytt til utslepp, avrenning m.m.
Samla vurdering		Bakteppet er at kommunen har ein hyttereserve, også langs sjøen. Men kommunen meiner det er positivt med reiselivssatsing i eit område som har stort potensiale for det. Vidare er framlegget å sjå på som utviding/fortetting av eksisterande eldre reguleringsplan for Åserøddalen. Hyttefeltet er også trekt godt tilbake frå 100-metersbeltet. Kommunen vurderer samla sett at framlegget om hyttefelt her står fram som lite konfliktfylt.
Tilråding		Kommunen tar med seg innspelet inn i kommuneplanen.



## 21 Helland – næringsområde Sterling White Halibut


Helland (Vindafjorden)	
<b>Forslagsstillar</b>	Sterling White Halibut AS
<b>Gnr/Bnr</b>	185/7 og 4
<b>Dagens arealbruk</b>	Kveiteoppdrett og båtutfartsområde/låssetting i sjø.
<b>Gjeldande planar</b>	Kommuneplan: Næringsområde og LNF-område på land, i sjø: FFFNA og omsynssone fiske (gyteområde og KL) samt statleg sikra friluftsområde (Hellandshabn).

**Innspel, framlegg til føremål:** Sterling White Halibut AS viser til at Helland er ei god lokalitet for kveiteoppdrett og vil 3-doble produksjonen frå dagens årleg 1500 tonn. Vil utvide eksisterande næringsområde og sette av eit større område til akvakultur i sjø. Ønskjer konsesjon for kveiteoppdrett i sjø som kan samkøyrast med landproduksjonen på Helland.



Konsekvensvurdering	
Landbruk	
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	Område for gyting og låssettingsplass.
Vatn og vassdrag	
100-meters beltet	Området er prega av eksisterande næringsverksemd.
Kulturminne/kulturlandskap	
Landskap	Regionalt viktig fjordlandskap frå Habn-Mekervik.
Mineralressursar	
Barn og unge	Barn og unge er også brukarar av friluftsområdet og vil bli negativt påverka.

Friluftsliv og folkehelse		Område for akvakultur vil kome i sterk konflikt med statleg sikra friluftsområde ved Hellandshabn.
Næringsliv, sysselsetting (herunder reiseliv)		Vil kunne gi fleire arbeidsplassar og meir aktivitet.
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		Ligg under marin grense.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Utslepp av organisk materiale m.m. Totalbelastning på fjordsystemet.
Samla vurdering		Kommunen vil gå inn for å utvide eksisterande næringsområde på land på gnr/bnr 185/7 i sør og i nordleg retning på 185/4, avgrensa mot kommunal veg og kommunal kai. Kommunen meiner vidare at akvakultur i sjø ikkje lar seg forene med ei statleg sikra friluftsområde. Alternativ plassering av akvakultur er vurdert, men vil også vere konfliktfylt. Mot sør vil ein til dømes kome i konflikt med naudsynt avstand til landanlegget.
Tilråding		Kommunen går inn for justert utviding av næringsområde, i all hovudsak slik det er framlegg om. Akvakultur i sjø finn ein ikkje rom for i dette området.




## 22 Vindafjorden – akvakultur i sjø Alsaker Fjordbruk

Bjelkavik (Vindafjorden)	
<b>Forslagsstillar</b>	Alsaker Fjordbruk AS
<b>Gnr/Bnr</b>	Sjøareal
<b>Dagens arealbruk</b>	Akvakultur
<b>Gjeldande planar</b>	Akvakultur/Fleirbruksområde (FFFNA) i gjeldande kommuneplan.

### Innspeil, framlegg til føremål:


Innspeilet byggjer på at eksisterande anlegg med fortøyingar må fangast opp, samstundes som det må vere rom for flytting og justering. Framlegg til større område sett av til akvakultur og fleirbruksområde (FFFNA).



### Konsekvensvurdering

Landbruk		
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	■	Lokalt viktig gytefelt torsk
Vatn og vassdrag	■	
100-meters beltet	■	
Kulturminne/kulturlandskap	■	
Landskap	■	Negativt inn på fjordlandskapet.
Mineralressursar	■	
Barn og unge	■	
Friluftsliv og folkehelse	■	
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)	■	Vil kunne skape aktivitet og arbeidsplassar.
Infrastruktur og trafikktryggleik	■	


ROS	
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)	Utslepp av organisk materiale m.m. totalbelastning på fjordsystemet.
Samla vurdering	Det er tale om eksisterande akvakulturanlegg som har konsesjon etter akvakulturlova. Kommunen meiner konfliktnivået ligg innanfor det akseptable, men justerer innspelet med tanke på storleiken av området sett av til akvakultur og fleirbruksområdet.
Tilråding	Justert innspel blir teke inn i kommuneplanen.



## 22 Vindafjorden – akvakultur i sjø


Borgarli (Vindafjorden)	
<b>Forslagsstillar</b>	Alsaker Fjordbruk AS
<b>Gnr/Bnr</b>	Sjøareal
<b>Dagens arealbruk</b>	Akvakultur
<b>Gjeldande planar</b>	Akvakultur/fleirbruksområde FFNA i gjeldande kommuneplan

**Innspel, framlegg til føremål:** Innspelet byggjer på at eksisterande anlegg med fortøyingar må fangast opp, samstundes som det må vere rom for flytting og justering. Framlegg til større områder sett av til akvakultur og fleirbruksområde (FFNA).



<b>Konsekvensvurdering</b>	
Landbruk	

Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Registrert stortare-område langs land, spesielt ved Straumneset. Vurderer det slik at innspelet ikkje vil verke inn på dette.
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		
Kulturminne/kulturlandskap		
Landskap		
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Vil kunne skape aktivitet og arbeidsplassar.
Infrastruktur og trafiktryggleik		Deler av området er registrert som biled/hovudled.
ROS		
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Utslepp av organisk materiale m.m. Totalbelastning på fjordsystemet.
Samla vurdering		Det er tale om eksisterande akvakulturanlegg som har konsesjon etter akvakulturlova. Kommunen meiner konfliktnivået ligg innanfor det akseptable, men justerer innspelet med tanke på storleiken av området sett av til akvakultur og fleirbruksområde.
Tilråding		Justert innspel blir teke inn i kommuneplanen.






## 22 Vatlandsvåg akvakultur i Sjø

Vintravika (Sandsfjorden)	
<b>Forslagsstillar</b>	Alsaker Fjordbruk AS
<b>Gnr/Bnr</b>	Sjøareal
<b>Dagens arealbruk</b>	Akvakultur
<b>Gjeldande planar</b>	Akvakultur/fleirbruksområde FFFNA i gjeldande kommuneplan.

**Innspel, framlegg til føremål:** Innspelet byggjer på at eksisterande anlegg med fortøyingar må fangast opp, samstundes som det må vere rom for flytting og justering. Framlegg til større områder sett av til akvakultur og fleirbruksområde (FFFNA).



Konsekvensvurdering		
Landbruk		
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		I strid med område sett av til Nasjonal laksefjord. Gytefelt torsk.
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		
Kulturminne/kulturlandskap		
Landskap		Regionalt viktig fjordlandskap.
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Kan gi arbeidsplassar og aktivitet i området.
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		


Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Utslepp av organisk materiale m.m.
Samla vurdering		<p>Føremålet med ordninga nasjonale laksefjordar er å gi eit utval av dei viktigaste laksebestandane i Norge eit særskilt vern mot oppdrettsverksemd, forureining og inngrep i munninga i dei nærliggande kyst og fjordstroka. Akvakulturanlegget er i strid med dette føremålet og vil med påverknad som lakselus, røming og forureining kunne vere ein fare for lakse- og sjøaurebestandane i fjordsystemet.</p> <p>Det er tale om eksisterande akvakulturanlegg som har konsesjon etter akvakulturlova. Difor tar kommunen innspelet inni kommuneplanen, men justerer innspelet med tanke på storleiken av området sett av til akvakultur og fleirbruksområdet.</p>
Tilråding		Justert innspel blir teke inn i kommuneplanen.



## 22 Ytra Finnvik – næring-småbåtanlegg og hamneområde

Ytra Finnvik (Vindafjorden)		
<b>Forslagsstillar</b>	Alsaker Fjordbruk AS	
<b>Gnr/Bnr</b>	176/2	
<b>Dagens arealbruk</b>	Spreidd bebyggelse, naust og brygger, skog, grenser mot dyrka mark i aust.	
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-område og FFFNA med omsynssone fiske (gytefelt) i sjø.	
<p><b>Innspeil, framlegg til føremål:</b> Base for lokaliteten Bjelkavik med område for næring/hamn og naust. På land er det viktig å sikre store nok næringsareal, som kan ta unna det aukande behovet for base- og landfunksjonar knytt til havbrukslokalitetane.</p>		
<b>Konsekvensvurdering</b>		
Landbruk	Green	Grenser mot dyrka mark i aust.
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	Yellow	Gyteområde torsk.
Vatn og vassdrag	Green	
100-meters beltet	Red	Bryt med strandsonevernet.
Kulturminne/kulturlandskap	Green	
Landskap	Yellow	Regionalt viktig landskap
Mineralressursar	Grey	
Barn og unge	Green	
Friluftsliv og folkehelse	Green	
Næringsliv, sysselsetting (herunder reiseliv)	Green	Vil kunne gi arbeidsplassar og aktivitet.
Infrastruktur og trafikktryggleik	Green	
ROS	Yellow	Innanfor marin grense.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)	Yellow	Utslepp knytt til anlegget.

Samla vurdering	<p>Kommunen viser til at satsinga i sjø med eksisterande akvakulturanlegg gjer det naudsynt med etablering av base- og landfunksjonar. I det aktuelle området er det inngått avtale med grunneigar for ei samlokalisering av småbåthamn også i høve til hytter i området. Kommunen viser til at satsing på næring også inngår i planstrategien og at kommunen ligg i sone 3 i rikspolitiske retningsliner for strandsona. Kommunen meiner samla sett at konfliktpotensialet her er moderat og vil gå inn for tiltaket. Det vil bli sett krav om detaljplan før utbygging.</p>
Tilråding	Innspelet blir tatt inn i kommuneplanen.



## 23 Vatlandsvåg - hytter


Vatlandsvåg (Ropeidhalvøya)			
<b>Forslagsstillar</b>	Sigve Johannesen		
<b>Gnr/Bnr</b>	118/16		
<b>Dagens arealbruk</b>	Svaberg, knausar mot sjøen. Ubebygd.		
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-område i gjeldande kommuneplan.		
<b>Innspel, framlegg til føremål:</b> Johannesen har hytte i området og har eit innspel om å bygge to eller fire hytter langs sjøen. Det blir vist til at området innerst inne i Vatlandsvågen i høg grad allereie er nedbygd og privatisert av hytter, molo, kaier, brygger m.m.			
			
<b>Konsekvensvurdering</b>			
Landbruk			
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	<table border="1"> <tr> <td style="background-color: yellow;"></td> <td>Gyteområde for torsk og Nasjonal laksefjord.</td> </tr> </table>		Gyteområde for torsk og Nasjonal laksefjord.
	Gyteområde for torsk og Nasjonal laksefjord.		
Vatn og vassdrag			
100-meters beltet	<table border="1"> <tr> <td style="background-color: red;"></td> <td>Ligg like ved sjøkanten i strandsona. Stor konflikt.</td> </tr> </table>		Ligg like ved sjøkanten i strandsona. Stor konflikt.
	Ligg like ved sjøkanten i strandsona. Stor konflikt.		
Kulturminne/kulturlandskap			
Landskap	<table border="1"> <tr> <td style="background-color: red;"></td> <td>Regionalt viktig landskap. Tiltaket vil krevja utsprenging og utfylling i sjø-, stor konflikt.</td> </tr> </table>		Regionalt viktig landskap. Tiltaket vil krevja utsprenging og utfylling i sjø-, stor konflikt.
	Regionalt viktig landskap. Tiltaket vil krevja utsprenging og utfylling i sjø-, stor konflikt.		
Mineralressursar			
Barn og unge	<table border="1"> <tr> <td style="background-color: yellow;"></td> <td>Eit av svært få ubebygde område igjen innerst inne i vågen. Negativt for barn og unge med nedbygging av strandsona.</td> </tr> </table>		Eit av svært få ubebygde område igjen innerst inne i vågen. Negativt for barn og unge med nedbygging av strandsona.
	Eit av svært få ubebygde område igjen innerst inne i vågen. Negativt for barn og unge med nedbygging av strandsona.		
Friluftsliv og folkehelse	<table border="1"> <tr> <td style="background-color: yellow;"></td> <td>Registrert som viktig friluftsområde som del av ein rundtur på vegen i området.</td> </tr> </table>		Registrert som viktig friluftsområde som del av ein rundtur på vegen i området.
	Registrert som viktig friluftsområde som del av ein rundtur på vegen i området.		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)			
Infrastruktur og trafikktryggleik			
ROS	<table border="1"> <tr> <td style="background-color: yellow;"></td> <td>Marin grense.</td> </tr> </table>		Marin grense.
	Marin grense.		

Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Utslepp frå etableringa.
Samla vurdering		<p>Som grunnlag for å bygge to eller fire hytter i det aktuelle området blir det vist til at området innerst i Vatlandsvågen allereie i høg grad er nedbygd og privatisert.</p> <p>Kommunen viser til at dette er eit av svært få områder igjen innerst inne i Vatlandsvågen som ikkje er utbygd. Ei utbygging her med sprenging og utfylling i sjø vil ytterlegare bidra til nedbygging av strandsona og vere uheldig for ålmenta og landskapsbilete i området.</p> <p>Kommunen meiner at ei utbygging av hytter langs sjøen her er svært konflikfullt og det er på tide å sette bremsene på når det gjelder vidare utbygging av strandsona i Vatlandsvåg.</p>
Tilråding		Kommunen tar ikkje med planframlegget inn i kommuneplanen.

## 24 Jelsavågen – foretting hytter

Jelsavågen	
<b>Forslagsstillar</b>	Thore Thorsen
<b>Gnr/Bnr</b>	137/1
<b>Dagens arealbruk</b>	Skogsområde med svaberg, ubebygd.
<b>Gjeldande planar</b>	Reguleringsplan, Jelsavågen aust.

**Innspeil, framlegg til føremål:** Viser til reguleringsplanprosessen som starta i 2005 der fleire av tomtene blei tatt ut av planen grunna at dei låg utanom det avsette byggeområdet i kommuneplanen. Ønskjer at kommuneplanen blir justert slik at desse tomtene ( nr 17, 18, 19, 21, 22 og 23) kan takast inn igjen. Ønskjer og at området for utleigehytter samt tomt 4 og 5 vert tatt inn igjen. Motivasjonen for å gå i gang med hyttebygging er at det skal styrkje garden og at det er avgjerande å sitje igjen med noko etter ei eventuell utbygging.



Konsekvensvurdering	
Landbruk	
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	
Vatn og vassdrag	
100-meters beltet	
Kulturminne/kulturlandskap	
Landskap	


Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		
Samla vurdering		Kommunen viser til at heile arealinnspelet ligg innanfor planområdet for gjeldande reguleringsplan for Jelsavågen aust. Dersom ein ynskjer endringar og justeringar av denne planen må ein sende inn eit planframlegg som vil bli handsama i ein reguleringsplanprosess etter kap 12 i plan- og bygningslova.
Tilråding		Planinnspelet bli ikkje tatt inn i kommuneplanen.



## 25 Vatlandsvåg Sørheim – hytter og bustad


Sørheim, Vatlandsvåg (Ropeidhalvøya) Innspel nr. 25		
<b>Forslagsstillar</b>	Lars Harald Sildelid	
<b>Gnr/Bnr</b>	118/12	
<b>Dagens arealbruk</b>	Utmarksområde med delvis skog og opne områder. Ubebygde.	
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-område i gjeldande kommuneplan	
<b>Innspel, framlegg til føremål:</b>		
<p>Sildelid har nyleg kjøpt eigedomen Sørheim og skissere ein del planar for utbygging. Ein del av dette må vurderast i høve til gjeldande reguleringsplan for Sørheim. Aktuelt for kommuneplanen er: Område D1: Må sjåast i samanheng med tilgrensande hyttefelt Sjøtun, ønskjer 3-4 hyttetomter. Område D2: LNF-område, ønskjer å få sett av område til hytter/fritid: 15-20 tomter. Sildelid viser til at dette området ligg fint til med utsyn, er for det meste fjell, småskog, ingen landbruksmessig nytte, kort veg til butikk båt plassar osv. Er ikkje i 100 meterssona.</p> <p>Område E: LNF-område, må sjåast i samanheng med eksisterande bustader i reguleringsplan for Sørheim. 1-2 bustadtomter.</p>		
Konsekvensvurdering		
Landbruk		Registrert noko innmarksbeite i nordleg del, men vurdert som liten konflikt.
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Gyteområde for torsk i sjøen. Nasjonal laksefjord. Ingen spesielle registreringar på land.
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		Noko av området D1 i nordleg retning ligg 80-90 m frå sjøen. Men i bakkant av eksisterande hytter på Sjøtun.
Kulturminne/kulturlandskap		Ingen registreringar
Landskap		Viktig regionalt landskap. Spesielt D2 vil i vesentleg grad påverke landskapsbilete i området.
Mineralressursar		

Barn og unge		Lite brukt av barn og unge
Friluftsliv og folkehelse		Ingen registrerte turdrag/stiar
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Generere aktivitet og overrisslingseffekt i lokalmiljøet.
Infrastruktur og trafikktryggleik		Må etablerast vegar inn i området.
ROS		Marin grense.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Utslepp knyta til etableringa.
Samla vurdering		<p>Positivt ved planinnspelet er at det vil generere aktivitet og vil ha ei lokal overrisslingseffekt ved kjøp i butikken, lokale tenester m.m.</p> <p>Med utgangspunkt i at kommunen har tilstrekkeleg med ledige sjønære hyttetomter for kommande periode, ser kommunen ikkje grunnlag for å opne opp for større sjønære hytteområde. Sjølv om område D2 ligg utanfor 100 metersbeltet, vil 15-20 sjønære hytter med veg, vatn, avlaup og arrondering/sprenging gi eit stort landskapsinngrep i eit sjønært område som frå før av er tett utbygd. Hyttefeltet vil også bli visuelt eksponert frå sjøsida ved innseglinga til Vatlandsvåg. Sjølv om hytteeigarar kanskje kan få båtplassar i Vatlandsvåg, er det ikkje usannsynleg at etablering av eit såpass stort og sjønært hyttefelt vil kunne gi eit byggepress på strandsona i nærleiken.</p> <p>Framlegg til utbygging i D1 er ei mindre utbygging på 3-4 hyttetomter, ei utviding av gjeldande reguleringsplan for Sjøtun og ei plassering i bakkant av eksisterande hytter. I hovudsak utanfor 100-metersbeltet eller 80-90 meter i frå. Kommunen vurderer denne utbygginga å vere mindre konfliktylt. Tilsvarande gjeld i forhold til forlenging av reguleringsplan for Sørheim med 1-2 bustadtomter utanfor 100 metersbeltet i framlegg E.</p>
Tilråding		Kommunen tar ikkje med seg område D2 i kommuneplanen. Kommunen finn grunnlag for å ta inn område D1 og E inn i kommuneplanen.




## 27 Vassbotn Ropeidhalvøya – Næring

Vassbotn, Vatlandsvåg (Ropeidhalvøya)	
<b>Forslagsstillar</b>	Holmen Maskin
<b>Gnr/Bnr</b>	118/1 (Trygve Vatland)
<b>Dagens arealbruk</b>	Skogsområde.
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-område i gjeldande kommuneplan. Utviding av eksisterande område sett av til næringsareal i gjeldande kommuneplan.
<b>Innspeil, framlegg til føremål:</b> Holmen Maskin har tidlegare kjøpt næringsareal av Trygve Vatland. Behovet for meir plass har no auka. Holmen Maskin ønskjer å utvida industriområdet i Vassbotn i retning sør-aust. Det aktuelle arealet har ein storleik på 5100 m <sup>2</sup> .	



Konsekvensvurdering	
Landbruk	
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	Ingen registreringar i området.
Vatn og vassdrag	
100-meters beltet	
Kulturminne/kulturlandskap	
Landskap	Påverkar landskapsbilete, men er utviding av eksisterande næringsverksemd.
Mineralressursar	
Barn og unge	

Friluftsliv og folkehelse	Del av området registrert som viktig friluftsområde som ein del av rundtur på køyreveg og andre vegar i området.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)	
Infrastruktur og trafikktryggleik	
ROS	Marin grense og høg radon.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)	Påverknad frå næringsarealet.
Samla vurdering	Kommunen legg vekt på at det er viktig å sikre tilstrekkeleg næringsareal for det lokale næringslivet i området. Kommunen ser positivt på utviding av eksisterande næringsareal og meiner det er lite konfliktfylt.
Tilråding	Kommunen tar med seg innspelet inn i kommuneplan. Krav om reguleringsplan.




## 28 Fjetland – område for spreidd hyttebygging

Fjetland (Ropeidhalvøya)	
<b>Forslagsstillar</b>	Inger Torflåt Østbø
<b>Gnr/Bnr</b>	124/3
<b>Dagens arealbruk</b>	Fulldyrka jord, innmarksbeite og noko lauvskog.
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-spreidd hyttebygging i gjeldande kommuneplan.

### Innspel, framlegg til føremål:

Eig 4 teigar og ønskjer at teigen kalla Utlebøen/Ytlebøen på 20-21 dekar vert omdisponert frå LNF-område til LNF-spreidd hyttebygging. Ligg i nærleiken av fastbuande og har tilgang på veg, vatn og avlaup.




### Konsekvensvurdering

Landbruk		Fulldyrka jord og innmarksbeite. Stor konflikt.
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		
Kulturminne/kulturlandskap		SEFRAK-bygg
Landskap		Påverke landskapsbilete negativt.
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		Aktsomhetsområde flaum/jord og snøskred.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		
Samla vurdering		Kommunen viser til at planinnspelet allereie ligg i LNF-område med spreidd hyttebygging. I dette området er talet på hytter (5 stk) brukt opp i gjeldande kommuneplan og kommunen vurderer det slik at det ikkje er grunnlag for

		<p>utvida dette talet nå. Dette med utgangspunkt i området sitt opprinnelege karakter som LNF-område og eigna område for hyttebygging.</p> <p>I tillegg er det her stor konflikt i høve til fulldyrka jord og jordvernet.</p>
Tilråding		Kommunen tar ikkje innspelet med seg i kommuneplanen.

## 29 Slåtto Grytevatnet - hytter

Slåtto v/Grytevatnet (Ropeidhalvøya)		
<b>Forslagsstillar</b>	Gunn Bjørg Slåtto	
<b>Gnr/Bnr</b>	118/11	
<b>Dagens arealbruk</b>	I utkanten av fulldyrka mark, skogsområde ovanfor vegen med ei tilgrensande eksisterande hytte. På nedsida av vegen på eit nes i Grytevatnet er det 2 eksisterande hytter.	
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-føremål i gjeldande kommuneplan	
<b>Innspel, framlegg til føremål:</b>		
Eigar av Slåtto ynskjer å skilja ut eit område til hytter i utkanten av 118/11 til familie (barn). Viser til at eignedomen grensar til regulert hyttefelt og 3 andre fritidsbustader og vil såleis bli eit samla hytteområde. Sentrumsnært, attraktiv ved Grytevatnet, veg, felles båtplassar i Grytevatnet og i Vatlandsvåg.		
		
<b>Konsekvensvurdering</b>		
Landbruk		Ligger i skogenkanten like ved fulldyrka mark
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Ingen spesielle registreringar utover at kantskog til dyrka mark ofte er ein viktig biotop for til dømes rådyr og andre.
Vatn og vassdrag		Mesteparten av planinnspelet ligg innanfor byggeforbodet på 50 m frå vatn og vassdrag i gjeldande kommuneplan.
100-meters beltet		
Kulturminne/kulturlandskap		
Landskap		Uheldig landskapsverknad ved utbygging nær Grytevatnet
Mineralressursar		



Barn og unge		Grytevatnet er brukt av barn og unge og vil få negativ påverknad ved privatisering og utbygging.
Friluftsliv og folkehelse		Grytevatnet med tilhøyrande strandsone er eit viktig friluftsområde for ålmenta der privatisering og nedbygging bør unngås.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		Aktsomhetsområde flaum, marin grense.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		
Samla vurdering		Grytevatnet og området rundt er eit viktig friluftsområde som er mye brukt av ålmenta. Planinnspelet med utbygging av hytter innanfor 50 meter sona frå Grytevatnet vil verke privatiserande i strandsona og i strid med dei interessene LNF-føremålet er meint å sikre. Det at det er 1 eldre hytte i nærleiken og 2 hytter nedanfor vegen, gjer ikkje at kommunen vurderer dette som ei utviding/fortetting av eksisterande hyttefelt. Tvert imot vil ytterlegare utbygging her forringe verdiane i området.
Tilråding		Kommunen rår til at innspelet ikkje blir tatt inn i kommuneplanen.

### 30 Hedlebrekk fritidsbustader

Hedlebrekk/Gullingen 30 A	
<b>Forslagsstillar</b>	Kjartan Hjorteland
<b>Gnr/Bnr</b>	7/1 og 7/5
<b>Dagens arealbruk</b>	Skog, myr og over tregrensa.
<b>Gjeldande planar</b>	LNFR i gjeldande kommuneplan.
<p><b>Innspel, framlegg til føremål:</b> Ynskjer 2 områder Hedlebrekk/Gullingen (1510 dekar) og Øvra Reset (220 dekar- sjå KU under)) omdisponert frå LNFR-området til fritidsbustader. Deler av området Hedlebrekk/Gullingen er allereie regulert til fritidsbustader i gjeldande kommuneplan.</p>	
<b>Konsekvensvurdering</b>	
Landbruk	
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	<p>Området Hedlebrekk/Gullingen ligg opp mot Finnadalsheia med store areal over tregrensa. Ligg innanfor omsynssone villrein i gjeldande kommuneplan, jfr og Heiaplanen. Deler av Finnadalsheia er registrert som inngrepsfrie naturområder. Nedre deler av dette området er prega av myr som har ein viktig økosystemteneste i høve til klima og lagring av Co2. Er også registrert som verneskog mot fjell.</p>
Vatn og vassdrag	
100-meters beltet	


Kulturminne/kulturlandskap		
Landskap		Er i strid med prinsipp for utbygging over tregrensa jfr også planprogrammet. Det er viktig med grønt korridorar mellom hyttefelta.
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		Svært viktig friluftsområde som ein del av Gullingen-området, brukt av leirskole og andre.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Positivt for tilleggsnæring.
Infrastruktur og trafikktryggleik		Utfordring knytt til vegtilkomst til området.
ROS		Aktsomhetsområde flaum, steinsprang og snøskred.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Hyttefelt vil kunne føre til utslepp til vatn, utslepp av klimagassar, og auka transport.
Samla vurdering		Kommunen meiner konfliktnivået er høgt for dette innspelet, spesielt knytt til biologisk mangfald, friluftsliv og landskap. Det ei vesentleg hyttereserve i området, både i høve til framtidige og eksisterande byggeområder for fritidsbustader i gjeldande reguleringsplan for Mosvatnet/Gullingen.
Tilråding		Innspelet blir ikkje tatt med i kommuneplanen

### 30 Hedlebrekk -område 2 fritidsbustader

Øvra Reset – 30 B	
<b>Forslagsstillar</b>	Kjartan Hjorteland
<b>Gnr/Bnr</b>	7/1
<b>Dagens arealbruk</b>	Myr, skog forholdsvis bratt og kupert terreng.
<b>Gjeldande planar</b>	LNFR-område i gjeldande kommuneplan

**Innspel, framlegg til føremål:**

Vil omdisponere Øvra Reset (220 dekar) frå LNFR-området til fritidsbustader.



Konsekvensvurdering		
Landbruk	■	
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	■	Myrområde som kan bli råka av utbygging i øvre del. CO2 lagring.
Vatn og vassdrag	■	
100-meters beltet	■	
Kulturminne/kulturlandskap	■	
Landskap	■	Hyttene vil kunne bli visuelt eksponerte i det bratte terrenget.
Mineralressursar	■	
Barn og unge	■	

Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Positivt som tilleggsnæring
Infrastruktur og trafikktryggleik		Utfordrande med omsyn til høgdeskilnader. Vegen til Fjellbergskaret går gjennom øvre del av området.
ROS		Aktsomhetsområde snøskred, flaum og steinsprang. Høgspent går gjennom området.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Vil kunne gi utslepp til vatn, herunder klimagassutslepp. Vil generera transport til skitrekket.
Samla vurdering		Kommunen viser til den store kapasiteten på ledige hyttetomter i reguleringsplanen for Gullingen/Mosvatnet. I fleire av desse områda er det også lagt til rette for infrastruktur samt kommunalt vatn og avlaup. Viktig å prioritere utbygging i desse områda først. Store deler av det aktuelle området framstår som bratt og ulendt med utfordringar knyta til veg/vatn/avlaup og ikkje minst ras og høgspent.
Tilråding		Rår til at innspelet ikkje blir tatt inn i kommuneplanen

### 33 Nedre Markateigen Ropeid - utleigehytter

Nedre Markateigen, Ropeid	
<b>Forslagsstillar</b>	Lars Tormod Ropeid
<b>Gnr/Bnr</b>	70/1
<b>Dagens arealbruk</b>	Skogsområde med berg ned mot sjøen. Bebygd med 1 naust.
<b>Gjeldande planar</b>	LNf-føremål i gjeldande kommuneplan

**Innspel, framlegg til føremål:**


Arbeide med plan om å bygge 2 utleigehytter på Nedre markateigen. Vil «sy» saman gamal kai, naust og båt plass i naustdalen. Viser og til fleire mindre tiltak som han vurderer ned mot Ropeid ferjekai. Dette er ikkje gjenstand for KU vurdering og kommuneplan då det ligg innanfor gjeldande reguleringsplan og eventuelt er avhengig av dispensasjon.



Konsekvensvurdering		
Landbruk		
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Gyteområde i sjø
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		Ligg innanfor strandsonevernet. Kaste og låssettingsplass inn mot Naustvika.
Kulturminne/kulturlandskap		
Landskap		Utleigehytter, tilkomst og tiltak ved sjøen vil påverke landskapsbilete negativ i området.
Mineralressursar		

Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Et ledd i utleige/reiselivssatsing.
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		Aktsomhetsområde jord/flaum og snøskred. Marin grense.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		
Samla vurdering		<p>Kommunen viser til at like sør for planområdet ligg eit byggeområde for 2 fritidsbustader i gjeldande kommuneplan som ikkje er nytta. Ropeid fremma dette området saman med innspelet til kommuneplanen i ein reguleringsplan i starten av 2000-talet. Reguleringsplanen blei ikkje godkjent då det låg føre motsegn frå fylkesmannen. Motsegna omfatta planinnspelet og fylkesmannen skriv den 03.03.03: «Hyttene i nord kjem om lag 20-30 m frå sjøen i eit område med verdifull vegetasjon og kulturlandskapsspor. Bygga vil få sterk eksponering mot sjøen og i praksis vil heile den indre vika vere privatisert om desse hyttene vert bygd». Viser vidare til at området er ein del av ein lengre strekning utan bygningsinngrep og at dei indre delane av vika såleis også er dei mest verdifulle for ålmenta og at fylkesdelplan for kystsona gir klare føringar for vern mot utbygging i slike områder.</p> <p>Kommunen meiner at området er konfliktfylt i høve til utbygging og legg vekt på at det like mot sør er eit unytta område til fritidsbustader i kommuneplanen.</p>
Tilråding		Kommunen tar ikkje innspelet inn i kommuneplanen.

### 34Tveita – fritid og turistformål - iglotelt

Tveita (Ropeidhalvøya)		
<b>Forslagsstillar</b>	Gunvor Tveita	
<b>Gnr/Bnr</b>	113/9	
<b>Dagens arealbruk</b>	Landbrukseigedom	
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-område i gjeldande kommuneplan	
<b>Innspel, framlegg til føremål:</b>		
<p>Gunvor Tveita har lyst å satse på utleige av doomar og ha geiter som helde naturbeite nede. Ei doome er eit heilårs telt forma som ein iglo. Tveita vil søkje om å setja opp 5 stykk med ein storleik frå 20 m2 til 38 m2. Ho viser til at inngrepet i naturen ikkje blir store, då ho vil plassere dei på plattingar oppå bergknausar.</p>		
		
<b>Konsekvensvurdering</b>		
Landbruk		
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Ingen spesielle registreringar.
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		1 planlagt doome ved våningshuset og 2 doomer ute på neset, ligg innanfor 100 metersbeltet.



Kulturminne/kulturlandskap		
Landskap		Vil vere visuelt eksponert frå sjøsida.
Mineralressursar		
Barn og unge		Lite brukt av barn og unge.
Friluftsliv og folkehelse		Deler av området er svært bratt og utilgjengeleg.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		
Samla vurdering		<p>I vurderinga legg kommunen positiv vekt på at innspelet kan gi grunnlag for reiselivssatsing og arbeidsplassar i samarbeid med andre lokale aktørar på Ropeidhalvøya.</p> <p>I tillegg blir det lagt vekt på at konseptet gir minimale inngrep i naturen, er reversible og at det ikkje blir lagt til rette for vatn, avlaup eller veg.</p> <p>Suldal kommune ligg innanfor sone 3 i statlege planretningslinjer for strandsona. Omsynet til næringsutvikling og arbeidsplassar, til dømes satsing på reiseliv og turisme, skal leggest vekt på i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet innanfor sone 3.</p> <p>Ute på neset er det svært bratt terreng ned mot sjøen og utilgjengeleg for ålmenta sitt friluftsliv. Doomane blir plassert slik at dei er omkransa med trær, med utsyn på ei side. Det betyr at dei i ulik grad vil bli eksponert frå sjøsida i høve til landskapsbiletet i området.</p> <p>Kommunen tar ikkje inn i kommuneplanen innspelet på doome som ligg mest mot aust på neset. Dette grunna nærleiken til sjøen og at plasseringa står fram som eksponert med fjernverknad frå fjorden.</p> <p>Dei andre 2 doomane på neset er meir samla og framstår meir tilbaketrekt. Kommunen vil gå inn for dei.</p> <p>Samla sett meiner ein at 2 doomer på neset ikkje overstig tolegrensa i høve til landskapsbilete i området samt dei interessene LNF- området/100 meters beltet skal ivareta.</p>

		<p>I høve til doomen plassert i kanten av dyrka mark ved våningshuset, så er den tilbaketrekt frå stranda, sjølv om den ligg innanfor 100 metersbeltet. Vidare ligg den i nærleiken av eksisterande bygning og kommunen vil gå inn for den.</p> <p>Doomen plassert nordaust for doomen ved våningshuset, ligg utanfor 100 metersbeltet. Den er til dels skjerma av skog og danne ein naturleg eining saman med den andre doomen. Kommunen vil gå inn for også denne.</p>
Tilråding		Kommunen tar 4 av 5 doomar inn i kommuneplanen



### 35 Erøy – Erfjord-Tretopphytter

Erøy	
<b>Forslagsstillar</b>	Ingvild Erøy Prestårhus
<b>Gnr/Bnr</b>	150/2
<b>Dagens arealbruk</b>	Utmark/Skog
<b>Gjeldande planar</b>	LNFR område på Erøy og
<p><b>Innspel, framlegg til føremål:</b> Ønskjer å plassere 2 felt med trehytter med høvesvis 1-3 hytteeiningar og 1-5 einingar i utmarka på Erøy. Ønskjer og å plassere 3 felt med 1 eining i kvar på Erøyholmen. Det er tale om mindre hytter satt opp på søyler i skogen der ein skal leve enkelt og i pakt med naturen.</p> <p>Erøyholmen er sett av til friluftsområde i gjeldande reguleringsplan for Erøy og eventuell plassering av hytter her må vurderast som ein dispensasjon frå reguleringsplanen og ikkje ein kommuneplansak.</p>	
<b>Konsekvensvurdering</b>	
Landbruk	<span style="background-color: green; color: green;"> </span>
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)	<span style="background-color: yellow; color: yellow;"> </span> Ingen spesielt registrerte verdier i de aktuelle områda. Likevel beslag av naturområde.
Vatn og vassdrag	<span style="background-color: green; color: green;"> </span>

100-meters beltet		.
Kulturminne/kulturlandskap		
Landskap		Trehyttene på søyler vil bli visuelt eksponert i landskapet og endre forholdet mellom byggjepreg og naturpreg i området.
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		Ingen konflikhtar i høve til dei andre delområda på Erøy. Desse held seg utanfor den viktige lokale turløypa Erøy rundt.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Viktig tilleggsnæring på garden
Infrastruktur og trafikktryggleik		
ROS		
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		
Samla vurdering		<p>Kommunen viser til at det aktuelle området er eit del av eit større natur- og friluftsområde med lite tekniske inngrep. I kommuneplanen er området LNF-område utan høve til hyttebygging. Å bygge opptil 3 hytter i ei gruppe og 5 hytter i ei gruppe i tillegg til ei hytte som det er gitt dispensasjon for vil endre forholdet mellom naturpreg og byggjepreg i det aktuelle området. Sjølv om konseptet er å vere i nær tilknytning til naturen, vil hyttene med søyle kome opp i høgda og kunne verke dominerande i landskapet. Spesielt gjeld det ei gruppe hytter med inntil 5 stk som er plassert på toppen av Erøy. Kommunen meiner det vil bli for konfliktfyllt.</p> <p>I høve til området med 1-3 hytter ligg dette lågare i terrenget, og ei mindre gruppe hytter her vil kunne vere mindre konfliktfyllt. Kommunen legg også vekt på at dette kan vere ei viktig tilleggsnæring i høve til garden.</p> <p>Kommunen er skeptisk til fleire grupper med hytter spreidd i området på grunnlag av at det vil auke behovet for motorferdsel i utmark.</p>
Tilråding		Kommunen rår til at gruppe med trehytter 1-5 ikkje blir tatt med inn i kommuneplanen. Ein rår til at gruppe

	1-3 hytter blir tatt inn i kommuneplanen.
--	---




### 36 Ytre Bjerga – utleiehytter- muresteinsbrot

Ytre Bjerga		
<b>Forslagsstillar</b>	Steinar Kenneth Løland	
<b>Gnr/Bnr</b>	87/1	
<b>Dagens arealbruk</b>	Område 36-1: ubebygde rasmarskog, område 36-2 og 36-3 bebygde med 3 hytter og et par naust/brygger eller skog og ur/berg.	
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-område i gjeldande kommuneplan	
<b>Innspel, framlegg til føremål:</b> Ønskjer å byggje utleiehytter sjølv eller laga festetomter i område 36-2 og 36-3. Ønskjer og å få inn masseuttak i området 36-1, der det er tenkt å ta ut murastein og anna masse i ura.		
<b>Konsekvensvurdering</b>		
Landbruk		Noko registrert innmarksbeite og dyrka mark i 36-2, men lite konfliktyft.
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Svært viktig naturtype registrering i 36-1 rasmark/almeskog. Også innan 1 km buffersoner for inngrepsfri natur i dette området. Viktig naturtype registrering i store deler av 36-2: Hagemark Ask som også går litt over i vestre del av område 36-3, og svært viktig naturtype: rik edellauvskog. Registrert svært viktig område for tareskog utanfor område 36-3 og 4-3. Gyteområde for torsk.
Vatn og vassdrag		Renne vassdrag gjennom området som kan bli negativt påverka av aktiviteten.
100-meters beltet		Område 36-2 og 36-3 ligg sjønær og omfatta av strandsonevernet.
Kulturminne/kulturlandskap		KULA-område
Landskap		Hytter og masseuttak vil kunne påverke landskapsbilete i negativ retning.
Mineralressursar		
Barn og unge		
Friluftsliv og folkehelse		


Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		Tilleggsnæring til gardsbruk
Infrastruktur og trafikktryggleik		Utfordrande på nedsida av fylkesvegen.
ROS		Aktsomhetsområde for jord/flaum/stein og snøskred. Marin grense.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		Kan bli støy, støv og avrenning som følgje av planlagt aktivitet med masseuttak og hyttebygging.
Samla vurdering		<p>Kommunen meiner området nedanfor fylkesvegen er spesielt konfliktfylt i høve til strandsonevernet ,landskapsbilete og naturmangfaldet. Det at det er 3 eldre hytter i området betyr ikkje at området toler ytterlegare nedbygging. Store deler av området framstår som bratt ned mot sjøen og mindre egna til hyttebygging.</p> <p>Når det gjelde masseuttaket så må kommunen ta omsyn til at det her er registrert ein svært viktig naturtype, og at det er viktige landskapsomsyn (KULA) i området. Masseuttak vil sjølv med eit moderat uttak kunne påverke desse verdiane negativt og vere irreversibelt inngrep i området. På den positive sida vil det kunne vere ei tilleggsnæring for garden og dekke ein lokal etterspurnad i marknaden for murastein m.m.</p>
Tilråding		Kommunen tar ikkje ta innspelet inn i planen.

### 37 Ullestad- Landsnes - fritidsbustader

Ullestad, Foreneset.		
<b>Forslagsstillar</b>	Norconsult på vegne av Lars Landsnes	
<b>Gnr/Bnr</b>	145/4	
<b>Dagens arealbruk</b>	Skogsområde	
<b>Gjeldande planar</b>	LNF-område i gjeldande kommuneplan	
<p><b>Innspel, framlegg til føremål:</b>            Framlegg til hyttefelt ligg på austsida av innlaupet til Økstrafjorden og er ein del av bruk 4 på Ullestad. Området vert ei naturleg forlenging sørover frå dei etablerte hyttefeltene nordover mot Foreneset.</p> <p>Planområdet utgjer totalt 15 dekar, og av dette er eigna areal for hyttebygging om lag 8 daa, noko som skal gi opptil 10 tomter i storleik 0,6 daa.</p>		
		
<b>Konsekvensvurdering</b>		
Landbruk		Gnr/bnr 145/4 Ullestad utgjer i dag 3 teigar som til saman utgjer 167 daa. Av dette er 6,4 daa registrert som fulldyrka, medan 102 daa er rekna som produktiv skog. Det er ikkje grunnlag for gardsdrift på Ullestad og husa på garden vert nytta som fritidsbustader.
Naturmangfald (herunder økosystemtenester)		Ingen spesielle registreringar.
Vatn og vassdrag		
100-meters beltet		
Kulturminne/kulturlandskap		Ingen kjende kulturminne eller freda bygningar/miljø i området.



Landskap		Vil forskyve forholdet mellom naturpreg og byggjepreg i området. Men ligg i nærleiken av etablert hyttefelt.
Mineralressursar		
Barn og unge		Ikkje spesielt brukt område.
Friluftsliv og folkehelse		Ingen turstiar/turdrag i området.
Næringsliv og sysselsetting (herunder reiseliv)		
Infrastruktur og trafikktryggleik		Utfordring med avkøyrse til FV 4710- smal og svingete veg.
ROS		Marin grense, aktsomhetsområde snøras og spesielt steinsprang, høg radon.
Forureining (utslepp til luft herunder klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)		
Samla vurdering		Utgangspunktet for vurderinga er at det er hyttereserve - også i Økstrafjorden.  Kommunen legg vekt på at området ligg nært etablert hytteområde og står fram som ei forlenging/utviding sørover frå dei tilgrensande regulerte hyttefelta mot nord. Kommunen vurderer utviklinga av området til hyttefelt å vere lite konfliktfylt og at utfordringar knyta til avkøyrse og rasproblematikk vil kunne la seg løyse.
Tilråding		Kommunen tar innspelet inn i kommuneplanen.



### 39. Innspel kveiteoppdrettlokalitetar i Sandsfjorden/Hylsfjorden

Det er gjort ei generell vurdering, med bakgrunn av eksisterande kunnskapsgrunnlag, om lokalitetane som er spelt inn bør konsekvensutgreiast med tanke på å ta dei inn i kommuneplan.

Både Sandsfjorden og Hylsfjorden er viktige leveområde for marine planter og dyr. Laksen er nær trua (NT) på den norske raudlista (Artsdatabanken 2021), og den nasjonale laksefjorden Sandsfjorden og det nasjonale laksevassdraget Suldalslågen har svært stor verdi. I tillegg har bestandsutviklinga for sjøauren i fjordsystemet hatt ei negativ utvikling gjennom fleire år, og er freda i Suldalslågen. Det er også registrert viktig gyteområde for torsk i store områder i Sandsfjorden og Hylsfjorden.

Både Sandsfjorden og Hylsfjorden er ferskvatn påverka beskytta fjordsystem med terskel og sjeldan utskifting av bassengvatn (Olsen og Eilertsen 2020). Sjølv om begge fjordane i dag har god økologisk tilstand ifølge vann- nett, er dei sårbare i høve til forureining. Eksisterande rapportar omtalar Hylsfjorden som svært sårbar for auka tilførsel av næringsstoff (sjå t.d. Rogalandsforskning, rapport 96/245); her er også lokalisert 2 stamfisk lokalitetar i dag med utslepp til fjorden. Brakkvasslaget inst i Hylsfjorden er tidlegare fastslått som startpunkt for store oppblomstringar av den giftige algen «Prymnesium parvum». Tilførsel av næringsstoff til indre deler av Hylsfjorden, vil såleis kunne ha store konsekvensar for heile Sandsfjordsystemet.

Statsforvaltaren har nyleg sagt nei til ein søknad frå Sterling White Halibut om kveiteoppdrett i sjøen i nærleiken av Fiskå i Strand kommune. Årsaka er fare for utslepp av næringsstoff og nitrogen, og dårlegare vasskvalitet i Ryfylke. Statsforvaltaren viser mellomanna til at foret som vert brukt til kveite er annleis enn foret som vert brukt i lakseoppdrett. Kveita krev meir proteinrikt foret, og dette resulterer i eit foret som har større konsentrasjon av nitrogen.

Det kan nemnast at Hjelmelandsfjorden dei siste åra har vært nedklassifisert til «moderat» økologisk tilstand grunna målingar av høge verdiar av klorofyll. Denne fjorden er ein av dei mest oppdrettsintensive fjordane i Indre Ryfylke.

Utslepp av tungmetall som kobbar og anna knyta til oppdrettsanlegg er også ei bekymring. Spesielt i Sandsfjorden der det i følge vann-nett er dårleg kjemisk tilstand med tungmetall registrert i brosmen og torsk.

Signal frå sentrale styresmakter tilseie at forvaltninga av nasjonale laksefjordar skal baserast på føre var prinsippet. Tiltak med risiko for alvorleg forureining er ikkje lov i nasjonale laksefjordar jfr St.prp 32 (2006-2007).

Kommunen meiner at det er stor risiko for at framlegget til lokalitetar for kveiteoppdrett i Sandsfjorden og Hylsfjorden vil føre til forringing av den økologiske tilstanden i fjordsystemet. Kommunen rår til at innspellet ikkje blir tatt inn i kommuneplanen.

#### 41. Innspel Høyviktræ – endring av arealformål frå LNF til LNF-spreidd

Gunn Kristin B. Voll har kome med eit innspel til kommuneplanen dagsett 22.09.2021. Ho har hytte på eigedomen gnr.134 bnr.7 på Høyviktræ. Av andre bygningar på eigedomen er det eit gammalt gardshus, ein eldre driftsbygning, sjøhus og fleire anneks.

I gjeldande kommuneplan er det aktuelle området sett av til LNF-område med omsynssone støy frå Norsk Stein. Voll ynskjer at eigedomen skal bli sett av til LNF-føremål med høve til spreidd utbygging av bustad-; fritids- eller næring. Dette fordi dei då kan gjennomføre naudsynte tiltak på eigedomen i høve til utvidinga av Norsk Stein, utan å søkje om dispensasjon.

Vurdering: Store deler av gnr.134, bnr.7 og all bygningsmassen ligg innanfor 100 metersbeltet langs sjøen. Strandsona er av nasjonal betydning og er difor gitt eit særskilt vern jfr § 1-8 i plan- og bygningslova. Kommunen har ingen område for LNF-spreidd i 100 metersbeltet i gjeldande kommuneplan og ser ikkje grunnlag for å legge til rette for utviding av eksisterande bygningar på eigedomen. Når ein vurderer å legge ut nye områder for LNF med høve til spreidd utbygging i kommuneplanen, er det primært fordi ein ynskjer meir aktivitet og utbygging i området. Det er ikkje tilfelle her. Endringa vert derfor ikkje tatt inn i nytt planforslag.